+++	Stor positiv konsekvens
++	Middels positiv konsekvens
+	Liten positiv konsekvens
0	Ubetydelig/ingen konsekvens
-	Liten negativ konsekvens
--	Middels negativ konsekvens
---	Stor negativ konsekvens
----	Meget stor negativ konsekvens

Figur 7. Oppsummering av konsekvensalternativ og tilhøyrande symbol.


4.4 DEFINISJON AV PLAN- OG INFLUENSOMRÅDE

Definisjon av omgrepa **planområde** og **influensområde**:

- Planområdet er alle dei område som vert direkte råka av arealbeslag av den planlagde utbygginga.
- Influensområdet er areal utanfor det definerte planområdet, men som likevel vert påverka av tiltaket, til dømes gjennom visuell innverknad.

4.5 METODIKK FOR KONSEKVENSVURDERING AV KRAFTLEIDNINGAR

Særskilt viktig i analyse av verknader av kraftleidningar er å skilje mellom direkte (fysiske) og indirekte (visuelle) verknader, og verknader i anleggsfasen versus driftsfasen. Kraftleidningar tek opp relativt lite jordareal i driftsfasen. Den store høgda på mastene i sentralnettet og regionalnetta, gjer til at det er trong for tilretteleggingar i form av anleggsveggar i anleggsfasen (transport og montering). Høgda gjer og til at dei er synlege på lang avstand, og er visuelt dominerande på kortare avstandar.



Figur 8. Teoretiske avstandsmål for direkte og indirekte påverknad på kulturminne frå kraftleidning/-mast.

Mastene har eit fotavtrykk eller sokkel på kring 8-15m vidde, avhengig av høgde og mastetype. Alternativa inneheld ikkje forslag til plassering av mastene, og me lyt ta høgde for plassering av mastene langs heile traséen. Dette beltet på 15m breidde kallar me **mastetraséen**.

Me reknar eit **visuelt territorium**, der mastene okkuperer omgjevnadane, til 3 gongar høgda av mastene. Høgde og type master er ikkje avklart, og me brukar difor eit overslag på 75m på kvar side av traséen. Vidare reknar me ei nærverknadsone eller **visuell dominanssone** på 8-10 gonger mastehøgda, her sett til 200m på kvar side av trasélina. I dette beltet må ein også rekne fare for direkte, fysiske øydeleggingar i anleggsfasen (Lindblom & Jerpåsen 2009).

Influenssona definerer me generelt som identisk med dominanssona. Innanfor dette beltet på 400m vil me ta med og vurdere alle kjende kulturminne og kulturmiljø. I særlege tilfelle med kulturmiljø av høg verdi, og/eller særlege topografiske tilhøve, kan det gjerast vurderingar også utanfor dominanssona, altså at influenssona vert utvida. Om særskilt viktige kulturmiljø blir råka vil det bli vurdert å lage visualiseringar av tiltaket.

4.6 DATAGRUNNLAG

Utgreiinga samanfattar offentleg tilgjengeleg informasjon om kjende kulturminne i plan- og influensområdet.

Askeladden	Riksantikvaren sin landsomfattande fornminnedatabase. I omtale av kjende automatisk freda kulturminne refererer me til denne databasen med "ASK ID".
SEFRAK	Landsomfattande register over bygningar eldre enn 1900 og andre faste kulturminne yngre enn 1537 (Rogaland fylkeskommune sin reviderte versjon via Temakart Rogaland).
UNIMUS	Landsdelsmusea sine databasar over lause kulturminne (gjenstandar) integrerte i felles søkemotor (www.unimus.no).
Landsverneplanar	Landsverneplanar for kulturminne i dei statlege sektorane.
Lokalhistorisk litteratur	Bygdebøker mm.
Arkeologisk faglitteratur	Oversiktsverk, spesiallitteratur, registreringsrapporter mm.

Vidare har internettbaserte ortofoto, eldre og nye kart vore nytta, særskilt kartverktøyet til Rogaland fylkeskommune «Temakart Rogaland». Når det gjeld SEFRAK er det vesentleg å understreke at *det er registrert revidert av kulturavdelinga ved fylkeskommunen som er brukt*, ikkje det opphavlege tilgjengeleg via Askeladden, Miljøstatus m.fl. Det er ikkje tale om nye objekt, men revisjon med vurdering i nye verneklassar. I våre temakart har me brukt dei same fargekodane, men trekantsymbol som i det landsdekkande registeret, istadenfor sirkelsymbol som i Temakart Rogaland.

Eit vesentleg moment i dette arbeidet har vore å skilje vekk objekt og miljø som har endra status etter siste oppdatering i Askeladden og SEFRAK. For objekt i Askeladden gjeld dette i stor grad objekt som står registrert som synlege på overflata i Askeladden, men som i dag faktisk er planert og overdyrka og ikkje lenger synlege. For SEFRAK gjeld dette at objekt er fjerna. Slike, saman med objekt som i Askeladden er registrert som fjerna, er ikkje tekne ut av kartgrunnlaget, men er samla i eigne tabellar til sist i gjennomgangen av kvart av dei fire delområda.


Objekt som ikkje finst i Askeladden eller SEFRAK har fått kode S. Dette omfattar fylgjande:

- Nokre objekt som vart oppdaga på synfaring.
- Objekt i lokale kulturminneplanar, dersom desse ikkje også finst i Askeladden/SEFRAK.

Synfaring av plan- og influensområdet vart gjort veke 42-43 2016, i all hovudsak i skya opphaldsvér, med nokre kortare periodar med regn. Tilleggsynfaringar vart gjort i veke 16 i 2017, i skya opphaldsvér.

5. OMRÅDESKILDRING

Området ligg i dei overordna landskapsregionane Jæren og Lista (19) og Heibygdene i Dalane og Jæren (18). Traséalternativa går i hovudsak i underregionen Lågjæren, frå grensetraktene mot underregion Jæren Fjellbygd, partiet Fagrafjell-Kalberg svingar innom denne, sørover mot, men ikkje inn i, underregion Høggjæren (nasjonale landskapsregionar, NIBIO). Influenssona, eller rettare –sonene, er dominerte av landbruksområde med innslag av tettstad- og industriområde. Dei strekkjer seg som to belter nord-sør, eit aust og eit vest for Frøylandsvatnet.




Figur 9. Oversyn over området med delområde brukt i denne utgreiinga.

6. KULTURHISTORISK UTVIKLING

6.1 ELDRE TID

Då isen smelta etter siste istid vart det sett i gang eit innfløkt samspel mellom hav og land. Til den isfrie kysten kom så planter, dyr og dei første menneska. Den tunge breen hadde pressa ned landet, og utan denne børa byrja landet å heve seg. Samstundes gjorde alt smeltevatnet til at havnivået steig. Ei kartlegging av denne prosessen, dvs. kor høgt stranda låg til ei kvar tid, i ulike område, er avgjerande for at ein har klart å finne buplassane til menneska i steinalderen. Desse livnærte seg som jegrar og fiskarar og var nær knytte til strandsonen. Fangstbuplassar er også å finne i høgjellet.



Figur 10. Tidslinje: dei vanlegaste periodenamna, forkortingar og tidfesting i vanlege kalenderår og C-14 år.

Sjølv om menneska heldt fram med jakt og fiske fram i moderne tid, skjedde det eit sentralt skifte i økonomisk tilpassing i slutten av steinalderen. Då jordbruket fekk sitt gjennombrøt kring 2000 f.Kr., med større og meir solide hus, husdyr, åkrar, og gjerde, vart folk meir stadbundne enn før, og no bundne til dei gode jordbruksområda heller enn til stranda. Overgangen til jordbruk førte med seg ei lang rekkje nye kulturminnekategoriar, mange av dei lokaliserte til historisk innmark.

I bronsealderen vart jordbruket sterkare fundamentert og samfunna synest å verte meir komplekse med varehandel over lange avstandar, metallteknologi og ulik maktfordeling – noko som viser seg i dei store og prangande gravhaugane og gravrøysane frå denne perioden. Sjølv om ein kjenner få rike graver frå fyrste halvdel av eldre jernalder, veit me i dag at dette var ein ekspansjonsfase i jordbruk og busetjing som heldt fram utan opphald frå yngre bronsealder. Frå siste halvdel av den eldre jernalderen kjenner ein til ei mengd gravfunn, og ei rekkje gardsanlegg som sidan har lege øyde. Her står Jæren i ei særstilling med ei stor mengd gardsanlegg der hustufter, geilar og gjerde framleis er synlege på overflata i dag.

Rike gravfunn og skattefunn, i tillegg til skriftlege kjelder, kastar lys over den yngre jernalderen med vikingtid. Gardsanlegg er tvert om sær sjeldsynte, truleg fordi ein har hatt kontinuitet i tun frå yngre jernalder gjennom mellomalder og inn i nyare tid. Dette vil seie at husa og tuna frå vikingtid og mellomalder ligg i tunet til den historiske garden, og er slik ofte øydelagde. Med mellomalderen forsvinn dei heidenske gravrituala, og med dei ein viktig arkeologisk kjeldekategori. Mellomalderen utanfor mellomalderbyane og kyrkjestadane er dårleg kjend gjennom arkeologiske kjelder. Folkeauka som prega yngre jernalder heldt fram i mellomalderen, men frå omlag 1300 er det fleire teikn til stagnasjon og tilbakegang. Dette altså før den store krisa med Svartedauden frå 1349 og stadige pestutbrot framover. Pestane førte til eit hundreår med dramatisk nedgang i folketalet. Sjølv om pestane ikkje forsvant heilt før kring 1650, byrja folketalet å stige att noko før 1500. På denne tida låg mange gardar øyde, og nokre vart aldri tekne opp att. I røynda rudde også krisa grunnen for den rivande utviklinga på 1500-talet: jord var billeg og rikeleg og adelen var sterkt svekka.

I tidleg mellomalder, nokre stader kanskje i løpet av vikingtid, endra hus og tun seg: heller enn eitt stort og langt hus, bygde ein mange mindre hus med ulike funksjonar. Ei mogleg årsak var at lafteteknikken kom til, iallefall i våningshusa, og bruk av tømmer gjorde det like greit å byggje fleire små hus som eitt stort. Våningshuset, eller stova, var typisk timra, utan glas og med åre eller røykomn, og utan himling i taket, med ei ljore for røyk og lys i taket.

Allereie i vikingtid vart det knapt med jord på Vestlandet. Frå omlag 1150 vart bønder flest leiglendingar hjå dei store jordeigarane kyrkja, kloster og adel. Parallelt med dette vart trælehaldet avvikla. Utover i mellomalderen vart stadig fleire gardar delte opp i stadig fleire bruk. Desse brukarane hadde oftast husa samla i eit felles tun. På gardar med mange bruk fekk ein då det ein kallar *klyngetun*. Deling av einbølte gardar i fleire bruk, førte også til oppdeling av åkrar, bøar og beite, det ein kallar *teigblanding*. Teigblandinga hadde også negative sider som vart betre synleg etterkvart som fenomenet auka. Reiskapane på garden var i stor grad dei same som i yngre jernalder. Ei viktig nyvinning var vasskverna, men det er vanskeleg å vite i kva grad denne fanst utanfor byane, klostera og storgardane. Frå kvernsteinsbrota veit vi at produksjonen av handkverner heldt fram for fullt gjennom mellomalderen. Dei eldste skriftlege kjeldene er for mange bygder av lite verdi, og arkeologiske granskingar av gardstun og hus frå mellomalder er sær sjeldsynte - resultatet vert difor at bygdene fell mellom to stolar i denne perioden.

6.2 NYARE TID

1537 fungerer som ei praktisk grense i kulturminneforvaltinga. Objekt eldre enn 1537 er automatisk freda. For ståande bygg er denne grensa 1649. Nyare tid er tvillaust den bolken med dei raskaste og mest gjennomgripande endringane - materielt og samfunnsmessigt. Eit

vesentleg bakteppe er den store folkeauka: 1500-talet var ein vekstperiode og henta inn og passerte folketalet frå før Svartedauden. Slutten av 1600-talet bar med seg stagnasjon og nedgang, medan 1700-talet vart ei betring att. Trass i kriseår tidleg på 1800-talet ser ein i dette hundreåret ein eksplosjon i folketalet, ei dobling frå ein million til to, i tillegg til at nesten ein million utvandra til Amerika.

Den industrielle revolusjonen og det store hamskiftet i jordbruket kan setjast som skiljevegg mellom det gamle og det nye. Mange stader gjorde ikkje maskinene inntog i sjølve jordbruket før etter siste krigen. I tillegg handla ikkje desse prosessane berre om maskiner og teknologi, dei var også vovne inn i vidare kulturelle, sosiale, politiske og åndelege skifte. I denne samanhengen er fokuset på dei materielle spora som vart sette.

Eitt er at gamle kategoriar vart gjorde i nytt formspråk - våningshusa, uthusa, sjøhusa, kyrkjene, båtane, vart bygde annleis. Folkeauken førte med seg framveksten av husmannsvesenet som nådde eit maksimum kring 1850, og var avvikla kring 1900. Husmannsvesenet førte mellom anna med seg spor av gardsdrift i randsonane kring dei gamle gardane. Den store eigedomsutskiftinga var ein sentral del av hamskiftet, og denne førte mellom anna til ei endring i plassering av hus og tun - gardane med mange bruk hadde hatt felles tun som kunne få nærast landsbypreg. Desse vart no splitta opp med eigne hus på eigne tun med eigne teigar samla kring. Mellom dei første store tekniske nyvinningane på bygdene var oppgangssaga. Men saga plank og bord var framleis dyrt, og det meste av sagbruksproduksjonen vart eksportert. På skogfattige Jæren var material kostbart og flytting av hus og oppattbruk av material var vanleg. Ein reknar at det særmerkte *jærhuset* oppsto på 1600-talet, og tok opp i seg nye drag kring 1800, samtidig som *midtgangshuset* breidde om seg.

Eit anna moment er at det kjem nye kategoriar med nye funksjonar. Når det gjeld bygningar er slike som er meinte for nye typar felleskap viktige. Den nye tida er nettopp prega av framvekst av nye felleskap: misjonsrørsla, fråhaldsrørsla, målrørsla, lese- og samtalelag og ungdomslag. Og ein ukjend filosof skal ha sagt at: "hus byggjer lag" – ei fellesnemning for desse bygningane er gjerne *foreiningshus*. Eit anna kollektiv som kom til var skulen og skuleklassane. Etter Fastskulelova frå 1860 skulle alle norske born i skule, og skulen skulle i regelen vere ein fastskule og ikkje ein omgangsskule. Og med det sprang ein ny markant bygningstype opp i bygdene: *skulehuset*.

Andre verdskrigen med tysk okkupasjon av Noreg 1940-45 sette merke på Jæren - i einskildminne og folkeminne, og i landskapet. Båtar, hus og radioar vart kverrsatte av okkupasjonsmakta, sjøfolk vart liggande ute heile krigen, matvarer vart rasjonerte, og nokre miste livet. Det som i særleg grad bringa okkupasjonen tett på folket på Jæren var etableringa av tyske festningsverk. Krigsminne i form av festningsverk er monumentale og godt synlege kulturminne. Dei er særleg pedagogiske i at føremålet oftast kan lesast og skjønast på staden: kanonstillingar plasserte i terrenget slik at ein kan rette eld mot trafikk langs kommunikasjonsårer. Dei var, og er framleis, kontroversielle med emne som: lokal bistand til arbeid på festningane og norske jenter som heldt seg med tyske soldatar på festningane. Festningsverka er eit viktig kompliment til andre kjelder og anna kunnskap om andre verdskrigen. Det må også understrekast at krigsminne er av særleg nasjonal og internasjonal interesse. Forsvarsverket på Jæren var del av Festung Norwegen, og slik ein del av Atlantikwall (Atlantehavsvollen) som strakte seg frå Nordkapp til Biscaya. Det er ei sterkt aukande interesse for festningsverka i Noreg og i Europa, som viser seg i ei rekkje nye forskning- og dokumentasjonsprosjekt.

6.3 KULTURMINNE PÅ JÆREN – SÆRDRAG, PRIORITERINGAR OG UTFORDRINGAR

ELDRE JERNALDERS ØYDEGARDSANLEGG

I periodar av fortida med stor folkevekst, spreidde busetjinga seg ut forbi dei beste jordbruksområda. Når det så skjedde ein nedgang i folketalet, eventuelt endringar i driftsformer eller organisasjon av drifta, kunne tidlegare gardsbruk bli liggjande øyde – såkalla *øydegardar*. Slike kjenner me frå folkevandringstida kring 500 e.Kr., frå høgmellomalderen før Svartedauden, og også frå seinare periodar. Særmerkt for Jæren er den store mengda øydegardsanlegg synlege på overflata frå folkevandringstid. Dei ligg typisk i mark seinare nytta berre som beitemark.

Øydegardsanlegga frå eldre jernalder omfattar typisk eit tun med ei eller fleire *hustufter*. Dette har vore langhus med steinmurar langs veggane, og takberande stolpar innanfor. Frå hustuftene leiar ei fegate eller *geil* gjennom innmarka med åkrar til grensa mot utmarka. Dette er to låge, parallelle steingjerde. På innmarka kring husa ligg typisk *gravhaugar* eller *gravrøyser* og åkrar. Opparbeiding av åkrane førte med seg *rydningsrøyser* i kasteavstand. Pløying av åkrane i hellande terreng førte til *åkerreiner*, knekkar i terrenget av oppsamla jord frå pløyinga. Rundt innmarka, gjerne i tilknytning til geilen, går system av steingjerde, såkalla *gardfar*. Ullandhaug utanfor Stavanger er eit døme på eit slikt anlegg som vart arkeologisk granska og seinare rekonstruert.

Desse anlegga, særskilt dei som ligg i beitelandskap med autentisk preg, med alle dei sentrale kategoriane representert (hustuft, gravminne, geil, rydningsrøys og åkerrein), har høg opplevingsverdi og høg kunnskapsverdi. Særskilt lokalitetar som truleg har lege i utkanten eller eit stykke frå tunområdet, med berre rydningsrøyser og eller gardfar, står i stor fare for å forsvinne på grunn av nydyrking.

STAKKTUFTER/ALVEDANS

Ei *stakktuft*, også kalla *alvedans*, er spor etter ein særmerkt praksis for lagring av fôr, i form av gras eller lyng, utandørs. Tufta er skapt ved at det er grave ei grøft til drenering rundt ein firkanta eller rund tomt der gras eller lyng vart sett i ein stabel eller stakk.

Slike grøfta lagringsplassar for gras eller lyng var i vanlig bruk på Jæren frå yngre jernalder til rundt 1830. Stakktufter var også i sporadisk bruk fram til 1970-talet (Lillehammer 2005: 218; Bang Andersen 2005). For mange kulturminnekategorier kan det finnast inntakte restar av kulturminnet under overflata, dersom nydyrking/pløying ikkje har gått for djupt. Med dagens standardmetodar for arkeologisk gransking er kunnskapsverdien i stakktufter å rekne som låg. Mellom anna er dei vanskelege å tidfeste. Sidan ein reknar brukstida frå om lag 800 til 1830, 1000 år, må truleg også ein viss del av dei vere yngre enn 1537, og difor ikkje automatisk freda.

Stakktuftene er eit særmerkt drag ved det jærsk beitelandskapet. Dei er, saman med rydningsrøysene, i dag særleg trua av nydyrking.

JÆRHUSET OG MIDTGANGSHUSET

Jærhuset representerer ein særmerkt byggjeskikk på Jæren med røter tilbake til det førhistoriske langhuset. Jærhuset slik me kjenner det i dag, og i fylgje dei fleste definisjonar, tok form på 1600-talet. Dei eldste hadde truleg bakvegg og gavlveggar bygde i stein. Mellom murane og reisverket i tre vart det danna kaldare rom, såkalla *skutar* eller *svoler*. Desse romma vart nytta som lager for torv, ved og anna. Den trebygde kjernen av huset hadde ein eller to lafta kassar eller rom. Jærhus etter ein slik streng definisjon finst det berre att eitt døme på, husmannsplassen Træet i Time. Betre økonomi, påverknad frå byarkitektur, og betre tilgang til materialar, førte til endringar mot det Jærhuset me kjenner best i dag. Ein vidare definisjon som vart nytta i Jærhusprosjektet, definerer Jærhuset som (Måseidvåg 2002):

- Eit ganske lågt hus
- Det har skutar og/eller svoler – halvkalde eller kalde rom utanfor den tømra kjernen
- Det er i hovudsak bygd før 1900

Skutane og svolene skil Jærhuset frå *midtgangshuset*, men mange jærhus er *også* midtgangshus. Midtgangsplanen, med ein gang og kjøkken i midtaksen med ei stove på kvar side, eventuelt også med kammers bak kvar av stovene, er eit sær vanleg bygningsplan over store delar av landet. Dette var ein byggjeskikk som breidde om seg på 1800-talet, og bak midtgangsplanet låg ei samanbygging av stova og eit av dei tidlegare uthusa, *bua*. Bua kom til å danne ei av dei to stovene på kvar side av midtgangen.

I kulturminnevernet i Rogaland har tradisjonelt jærhuset hatt høgare verneverdi enn midtgangshuset – rekna som yngre, med mindre regionalt særpreg, og mindre autentisk. I dag er også midtgangshuset frå 1800-talet i ferd med å forsvinne på Jæren, og det er naudsynt å oppjustere verneverdien til desse.


7. KULTURMILJØ OG VERDIVURDERING

Me reknar influenssona som tilsvarande *nærvirkningssona* eller den *visuelle dominanssona*. Denne er sett til 200m på kvar side av traséen (sjå kap. 4.5). Mange av kulturmiljøa har delar

som ligg både innanfor og utanfor influenssona. Kulturmiljøa er definerte i temakarta, her framgår også alle enkeltminne, også utanfor influenssona. I tabellane og verdivurderinga nedanfor vert det fokusert på enkeltminna *innanfor* influenssona. Eit vesentleg moment i arbeidet har vore å skilje vekk objekt som er fjerna utan at dette er nedfelt i Askeladden og SEFRAK-registeret. Når det gjeld fornminna er det ofte vanskeleg å avgjere om objektet er heilt eller berre delvis fjerna, og det er til sjuande og sist vernestyresmaktene ved Rogaland fylkeskommune som skal avgjere vernestatus for automatisk freda kulturminne. Objekt som i databasen er rekna som synlege kulturminne, typisk gravminne, stakktufter, rydningsrøyser, tufter, gardfar, men som i dag er planerte, overdyrka og ikkje lenger synlege på overflata, har me flytta til eigne tabellar saman med objekt som allereie er definerte som fjerna i databasen («fjerna, automatisk freda»), til sist under gjennomgang av kvar delområde. Desse er mindre relevante når det gjeld opplevingsverdiar og visuell forstyring. I mange tilfelle kan desse framleis ha kunnskapsverdiar intakte under markoverflata. Til skilnad frå lokalitetar påviste under markoverflata ved arkeologisk registrering (desse er også ikkje-synlege kulturminne), er kunnskapsverdiar ikkje sikkert påviste. Vår løysing her er å ikkje ta desse lokalitetane med i definerte kulturmiljø, men å late dei vise på temakarta. *Det er avgjerande at det likevel vert teke omsyn til desse ved fysiske inngrep, både plassering av mastene og stasjonsbygga, men også fysiske inngrep som er avgrensa til anleggsfasen.*

Alle lokalitetar i Askeladden og alle objekt i SEFRAK er inkluderte i kartmaterialet. Tabellane under kvart kulturmiljø inneheld tekst importert direkte frå SEFRAK og Askeladden, henta ut i oktober 2016.

7.1 DELOMRÅDE 1: FAGRAFJELL-HATTELAND-KLEPPEMARKA



Figur 11. Kart, delområde 1.

KM 1

Kulturmiljøet omfattar (innanfor influenssona) 12 lokalitetar med ei stor mengd fornminne. Dei fire austlegaste og høgastliggjande omfattar utelukkande rydningsrøysar. Lokaliteten vest for desse omfattar i tillegg til rydningsrøysar, eit gardfar. Vest for denne ligg to gardsanlegg med eit variert tilfang av fornminnetypar, og eit gravfelt med tre gravminne. På høgda vest i miljøet ligg eit gravfelt, ein rest av ein gravhaug, og ein rydningsrøyslokalitet. I aust er miljøet prega av eksisterande kraftleidning (300kV, sentralnett). Denne skal ikkje fjernast som del av Jærnettprosjektet. Lengst vest i miljøet er også opplevingsverdiane reduserte grunna eksisterande kraftleidning (15/22kV). Denne skal heller ikkje fjernast. Sjølv om miljøet også omfattar eit større grustak, er siktlinene og samanhengane gode, og miljøet har samla stor verdi.

KM	VERDI	Liten	Middels	Stor
		1	-----	-----



Figur 12. Utsyn frå ASK 44848, over steinbrotet, med ASK 15183 på kulturbeitet og i planteskogen bakanfor, KM 4 over elva bak til høgre. Mot nordvest.



Figur 13. ASK 15183, gravfelt, med einskildminne nr. 27, gravminne, på høgda i framgrunnen. Mot nord.



Figur 14. Utsyn frå ASK 44848, ASK 54606 midt i biletet bakom tjørna. Mot sør.



Figur 15. Utsyn frå Sandskallen (ASK 5352). ASK 44848 og ASK 15182 midt i biletet. Mot vest.



Figur 16. ASK 34828, på åsen midt i bildet. Mot vest.



Figur 17. ASK 44847, gardsanlegg. Mot vest.



Figur 18. ASK 34827, rydningsrøyslokalitet, ¾ bortdyrka før 2002. Mot nord.



Figur 19. ASK 3551, botnlag av gravminne. Mot nord.



Figur 20. ASK 60874, gravfelt med rydningsrøyser, gravminne nr. 1 synleg til høgre ved granene. Mot nordaust.



Figur 21. ASK 60874, gravfelt med rydningsrøyser. Mot sør-søraust.



Figur 22. Ruin, grunnmur i grov kampestein, synleg på ortofoto 1937. Mot aust.



Figur 23. Ruin, grunnmur i betong, synleg med tak på ortofoto 1937. Mot nord.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 1			Verne-status	
ASK ID	5351	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk fredet ●	Bunnlag av rundhaug. Foten bra markert. I midten en stor flat jordfast rundkamp. Endel rundkamp synlig ellers gresskledd. D.ca.10 m, h.0,3 m.
ASK ID	15183	Kvednaheio	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	3 gravhauger. Lengst i N:a. Rundhaug, oppkastet omkring en stor rundkamp. Vanskelig å avgrense. V-del endel utgravet. Skog- og lyngkledd. D.9 m, h. 1 m.10 m S for haug a:b. Bunnlag av rundhaug. Vanskelig å avgrense p.g.a. skogen. Skog- og lyngkledd. D.ca.10 m.20 m S for haug b: c.Rundhaug. Bra bevart, vanskelig å avgrense. Skog- og lyngkledd. D.ca.11 m, h.1,5 m
<p>.2015/2016: Befaring og kontrollregistrering i forbindelse med Tverrforbindelsen Sandnes-Time resulterte i oppdagelsen av flere nye gravrøyser og ett gardfar i skogholtet lokaliteten ligger i. Røysene ligger på hver sin side av en grusvei som er anlagt gjennom skogen. Gardfaret starter rett nordvest for den nordligste av de opprinnelig registrerte haugene på lokaliteten, fortsetter videre nordvest mot grusveien, før den fortsetter langs grusveien mot nord. På vestsiden av grusveien kan det se ut til at en forgreining av gardfaret fortsetter. I nord, på østsiden av veien, ligger en tidligere registrert gravrøys, Id 24970. Den er nå innlemmet i denne lokaliteten. Tett skog og vanskelige GPS-forhold medførte ujevn innmåling med RTK som falt ut hele tiden. Innmålingene er derfor noe omtrentlige.</p> <p>Oppdagelsen av flere røyser, påfølgende utvidelse av lokalitetsgeometri, samt innmåling av røyser og gardfar av nærliggende lokalitet Id 64361, førte til en sammenslåing av de to lokalitetene. Id 15183 inkluderer derfor tidligere lokaliteter Id 24970 og 64361, samt gravminne Id 16001 som lå innenfor Id 64361. Denne var også beskrevet i Id 64361, men lå inne som egen lokalitet. Id 64361 utgjorde moreneryggen nord for anleggsveien som går fra vest mot øst gjennom nåværende lokalitetsgeometri, mens Id 15183 og 24970 lå i hver sin ende av skogholtet på sørsiden av veien. Hver gang området sør for anleggsveien er blitt besøkt, enten i form av befaring, registrering eller innmåling, er det funnet nye røyser i skogholtet. Det er derfor stor mulighet for at det finnes ytterligere røyser eller andre enkeltminner i området. Lokalitetsgeometrien inkluderer derfor store, tilsynelatende tomme områder. På grunn av den tette skogen er det også vanskelig å se på LIDAR om det finnes flere. På nordsiden av anleggsveien (tidligere Id 64361) ligger gravrøyser og rydninger om hverandre. Det er mulig at flere av rydningene er graver, eller omvendt.Opprinnelige beskrivelser:Id 24970: "Rundhaug. Vanskelig å avgrense p.g.a. skog. Kra- ter i midten. Oppbygd steinmur her, men det er gjort i nyere tid iflg. eieren. Haugen ser ut til å bestå av stein. Kanten av haugen skog- og lyngkledd. D.ca. 14 m, h.2 m" (Reg. 09.08.1966)Id 64361: 3 gravhauger.Lengst i NØ:1) Rundhaug. Bra markert, på NV-siden er det tatt bort torv. Enkelte rundkamp synlig. Gresskledd. D. 11 m, h. 1,5 m.30 m V for haug a:2) Bunnlag av rundhaug. I midten to store jordfaste rundkamp. En mengde små rundkamp synlig, ellers gresskledd. D.10 m, h. 0,5 m. 30 m SV for haug a:3) Rundhaug. Bra bevart. Endel rundkamp synlig, ellers gresskledd. L. 5 m, h. 0,5 m.50 m SØ for disse og ca. 10 m N for planteskog.4. Rundhaug. Bra markert. Fordypning i midten, ellers godt bevart. Noen rundkamp synlig. Gresskledd. D.15 m, h. 2 m.På hele moreneryggen:Gardfar og rydningsrøyser som går over hele moreneryggen. I S begrenses feltet av planteskog, det har antagelig fortsatt inn i skogen. (Reg. 09.08.1966)Id 16001: Rundhaug. Bra markert. Fordypning i midten, ellers godt bevart. Noen rundkamp synlig. Gresskledd. D.15 m, h. 2 m. (Reg. 09.08.1966).De gamle lokaliteten er nå slettet.</p>						
ASK ID	60874	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	1. Rundhaug. Bare kanten igjen. Mye rundkamp synlig, ellersgresskledd. D.ca.15 m, nåv.h.1,5 m (N-kant).Ca. 80 m NV for 1) og ca. 300 m NNV for husene på eierbruket.2-3: 2 bunnlag av rundkamp, 1 m mellom dem. Begge er nokså dårlig markert. Endel rundkamp synlig i begge, ellers gresskledd. Haugen i V har d. 8 m, h.0,3 m. Haugen i Ø: d.9 m, h.0,5 m.På kulturbeietet ligger en mengde små gresskledd rydningsrøyser. D.2-3 m.
ASK ID	34827	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Rydningrøys lokalitet	Automatisk fredet ●	ca. 10 små rydn.røyser, gresskledd med enkelte små rundkamp synlig. D. 2-3 m.
ASK ID	44847	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Gårdsanlegg	Automatisk fredet ●	Gårdsanlegg, 2 hustufter 2 geiler, 1 gardfar og 5 gravhauger.Lengst i S: 2 parallelle hustufter, orientert NNV-SSØ:a) Den vestligste har 3 rom. L.8 m.,8 m og 10 m, br.5-6 m (indre mål). Veggene er endel utraste, enkelte reiste rundkamp, mye rundkamp synlig, ellers gresskledd.
<p>Veggene br.2-3 m, h.ca.0,5 m.Fra nordre kant av tuften går det ut en geil ca. 25 m mot SV hvor den forsvinner i dyrket mark. Geilen er noe utrast.9 m Ø for tuft a):b) tuft med 3 rom, 11 m, 4 m og 4 m, br.ca. 3 m (indre mål) Veggene endel utraste. Mye rundkamp synlig ellers gresskledd, br.1-2 m, h.opptil 0,5 m.Fra tuftens N-kant går det en geil ca. 50 m mot NNØ, hvor den ender i gårdsvei. Geilen er endel sammenrast.Mellom tuftens N-kant går det et gardfar. Det har antagelig vært innhegning mellom tuftene.5 m V for tuft a:c) Rundhaug. Bra markert. Svak fordypning i midten ellers uskadd. Endel tilkjørt rundkamp oppå haugen. Gresskledd. D.ca. 12 m, h.1,5 m.10 m N for tuft a:d) Langhaug, orientert NNV-SSØ. Bra markert. Noe omrota enkelte steder oppå haugen. I S-kant står 1 reist rundkamp. Opprinnelig har det stått 2. Endel rundkamp synlig. Gresskledd. L. 20 m, br.7 m, h.1 m.4 m V for haug d:e) Ruhdhaug, bra markert. Oppkastet omkring en stor jordfast stein. Muligens bare rydningsrøys. Gresskledd. D.ca.5 m, h.0,8 m.2 m Ø for haug d:f) Rundhaug, bra markert. Ser nokså uskadd ut. Endel stor rundkamp synlig foruten noen små, ellers gresskledd. D. 8 m, h. 1,5 m.6 m NNØ for haug f:g) Rundhaug, bra markert. Nokso uskadd, endel mindre rundkamp er kastet oppå haugen. Gresskledd. D. 10 m, h. 2 m.</p>						

ASK ID	54609	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Gravminne	Automatisk fredet	Rest av rundhaug. Vanskelig å avgrense, usikker haug.Ø- og V-del igjen, endel rundkamp synlig, ellers gresskledd. D. ca. 10 m, nåværende h. 0,5 m.
ASK ID	34828	Varden	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet	
<p>4 gravhauger. 3 ligger oppå moreneryggen, 1 i NV-siden av ryggen. Lengst i NV ligger: a. Rundhaug. Bra markert. Forkjeden viser. Toppen noe avkuttet. NØ- og Ø-siden noe ødelagt. Rundkampsamling i midten. Gresskledd. D. 12 m, h. 1,5 m. 10 m S for haugen: b. Langhaug, orientert NV-SØ. Dårlig markert, men tydelig i terrenget. Vanskelig å avgrense. Bra bevart. Usikker haug. I SØ-kanten er svær rundkamp. Endel større rundkamp synlig. Gresskledd. L. 18 m, br. 14 m, h. ca. 2 m. 30 m VSV for haug b: c. Rundhaug, bra markert. Noe omrotet i midten. Endel rundkamp synlig. Gresskledd. D. 13 m, h. 1-1,5 m. 25 m V for haug a: d. Rundhaug i NV-siden av moreneryggen. Noe usikker. Vanskelig å avgrense, da det er svært omrotet på haugen og omkring. Skiftegerde mellom 30: 5,10 og 30; 4,6 går over haugen. I SSØ kant rundkampsamling ellers endel rundkamp synlig. Gresskledd. D. ca. 10 m, h. 1 m. Haugene a og b ligger på 5;10, haug c på 4;6, og haug d i skiftet mellom dem.</p>						
ASK ID	34830	Småbakk	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet	Et gardfår og ca. 10-15 rydningsrøyser. Gardfaret begynner ved en bergnabbe og går ca. 40 m mot S, deretter svinger det SV-over ca. 50 m hvor det forsvinner i gamle geilen. Rundkamp synlig i gardfaret, ellers gresskledd. S og SØ for gardfaret ligger rydningsrøysene som er ca. 2-3 m i d.
ASK ID	44848	Sandshodl	Arkeologisk minne	Rydningsrøys lokalitet	Automatisk fredet	En mengde rydningsrøyser, gresskledd. D. 2-3 m.
ASK ID	15182	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Rydningsrøys lokalitet	Automatisk fredet	10-15 rydningsrøyser delvis gresskledd. D. 2-3 m.
ASK ID	54607	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Rydningsrøys lokalitet	Automatisk fredet	10-12 rydningsrøyser, delvis gresskledd. D. 2-3 m.
ASK ID	54606	Nord-kalberg	Arkeologisk minne	Rydningsrøys lokalitet	Automatisk fredet	En mengde rydningsrøyser. Noen få ligger på 30; 5,10 resten på 30; 4,6. D. 2-3 m.
S 4						Ruin i betong, synleg med tak på ortofoto frå 1937. Ukjent alder og funksjon.
S 5						Ruin, grunnmur i grov kampestein, uviss funksjon. Synleg på ortofoto frå 1937.


KM 2

Kulturmiljøet omfattar eit automatisk freda rydningsrøysfelt med 16 røyser, samt moglege restar av 3 gravhaugar, desse med uavklart vernestatus. Gravhaugane skal alle ha vore fjerna før 1940. Største delen av rydningsrøysfeltet ASK 54090 er tilplanta med skog. Gravhaugresten ASK 54091 nord for miljøet er ikkje lenger synleg og er her rekna som fjerna. Haugrestane ASK 14618 og 72065 ligg i kulturbeite og er rekna til miljøet, sjølv om det er vanskeleg å avgjere om botnlagte framleis er synlege. Ein køyreveg skjer gjennom rydningsrøysfeltet. Traseen går parallelt med eksisterande 50kV, 30m nærare miljøet, og skal erstatte denne.





Figur 24. Nordleg del av rydningsrøysfeltet, ASK 54090, Mot nordaust.



Figur 25. Oversyn kulturmiljøet, fjerna gravminne i nord markert. Mot sør.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 2			Verne-status	
ASK ID	14618	Orstad	Arkeologisk minne	Gravfelt	Uavklart ●	I. Lyngkledd rundhaug, litt opprotet. D.8,5 m, h. ca 1 m. Ca 20 skritt V for I ligger: II. Bunnlag av en rundhaug med samme tverrmål som I. I flg. eier fjernet før krigen. Intet ble funnet. Der fornminnene har ligget, er det nå kulturbeite.
ASK ID	72065	Orstad	Arkeologisk minne	Gravminne	Uavklart ●	Rundhaug av stein. D. 12,5 m. I 1909 var bare bunnlaget tilbake. Eieren opplyser at da dette ble fjernet ble der funnet trekull.
ASK ID	54090	Orstad	Arkeologisk minne	Rydningrøys lokalitet	Automatisk fredet ●	Alle gresskledd med en del synlig rundkampstein. Enkeltelagt opp om jordfast stein. Runde eller tilnærmet run- de. Innenfor det avmerkede området finnes minst 16 røyser. D. 1-3,5 m, h. 0,15-0,4 m

KM 3

Kulturmiljøet omfattar eit gravfelt med tre gravminne og ein rydningsrøyslokalitet med 10 rydningsrøyser. Rydningsrøysene er av uvisst datering, og har uavklart vernestatus. Opplevingsverdiane er redusert av eksisterande kraftliner. Dette er kraftliner (15/22kV) som ikkje skal fjernast som del av Jærnettprosjektet. Heile miljøet er sterkt tilvakse, dels med gran, dels med kratt, som gjorde synfaring og fotografering vanskeleg.



Figur 26. ASK 61017, gravfelt, sterkt tilvakse. Mot aust.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 3			Verne-status	
ASK ID	34627	Foss-eikeland	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Uavklart ●	Spredt i skråningen på begge sider av sti1 - 10. Rydningsrøyer. Runde. Klart markerte. Tydelige i terrenget. Overtorvet. D: 2-4 m, h: 0,2 - 0,5 m.
ASK ID	61017	Foss-eikeland	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	Samling gravhauger består av 3 gravhauger.1. Langhaug. Orientert Ø-V. Klart markert. Tydelig i terrenget. Bevakst med mose, lyng og gran. Ødelagt i V kant. Lengde 9 m, h: 1 m, bredde 6 m.Inntil og i østkant av 1:2. Gravhaug. Rund. Klart markert, tydelig i terrenget. Bevakst med mose, lyng og grantrær. D: 5 m, h: 0,7 m.V for 1: 3. Mulig gravhaug. Trolig rund. Uklart markert. Utydelig i terrenget. Sterkt overtorvet. Antatt d: 5 m, h: 0,5.Hele området er bevakst med gran og ved vår registrering var det nylig hugget endel som lå på haugene og gjorde registreringen svært vanskelig.

KM 4

Kulturmiljøet omfattar ein rydningsrøyslokalitet med minst 9 røyer, og kringliggjande kulturbeite. Opplevingsverdiane er reduserte av eksisterande kraftliner. Dette er kraftliner (15/22kV) som ikkje skal fjernast som del av Jærnettprosjektet.



Figur 27.Kulturbeite med ASK 61018, rydningsrøysfelt, heilt bakarst under lina. Mot aust.




Figur 28. ASK 61018, rydningsrøysfelt. Mot nordaust.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 4			Verne-status	
ASK ID	61018	Foss-eikeland	Arkeologisk minne	Rydningsrøyslokalitet	Automatisk fredet	Spredt på beitet ligger minst 9 rydningsrøyser. 1 - 9 rydningsrøyser. Runde. Klart markerte, tydelige i terrenget. Overtorvet. D: 1-4 m, h. 0,2 - 0,4 m.

KM 5

KM 5 ligg innanfor influenssona til det samla tiltaket (alle alternativa). Miljøet omfattar tre automatisk freda lokalitetar med rydningsrøyser og gravrøyser. Gravrøysene finst i den austlegaste lokaliteten, moglegvis også i den midtarste. ASK ID 21629 omfattar berre rydningsrøyser. Miljøet er i dag sterkt prega av eksisterande kraftleidningar og trafostasjon, med tre master tett kring ASK 216291, og to linespenn, ei av dei dobbeltkurs, gjennom lokaliteten. Verdiane er vurdert å vere høgare i aust, lågare i vest, gjennomsnittsverdi er sett til stor verdi.



Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 5			Verne-status	
ASK ID	216629	Bekkjene	Arkeologisk minne	Rydning-røyslokalitet	Automatisk fredet ●	3 røyser, alle trolig rydninger. Det ligger muligens ytterligere en røys innenfor lokaliteten, men den var meget usikker.
ASK ID	216289	Bekkjene	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	Gravfelt med 10 røyser, noen mer tydelige enn andre. Ligger i svakt hellende terreng. En av røysene er litt mer usikker og kan være en rydning i forbindelse med traktorvei. Innmålingene ble gjort uten fast RTK noe som førte til ujevne resultater. Kartfestingen av enkeltminnene er derfor noe omtrentlige, men uten store avvik.
ASK ID	216291	Bekkjene	Arkeologisk minne	Røysfelt	Automatisk fredet ●	Røysfelt med 14 røyser. De fleste er rydningsrøyser, men ett par kan være graver. Sentralt på lokaliteten går det også en "renne" fra sør mot nord som kan være rest av et veifar, anleggsvei (til fjerning av stein, frakt av materialer til master e.l.) eller kanskje et bekkefar. Trolig er det menneskeskapt, men det er uvisst hvorvidt det er før- eller etterreformatorisk. "Renna" er ikke målt inn, men ligger innenfor lokalitetsgeometrien.




Figur 29. ASK 216629, lokalitet med tre rydningsrøyser, mot nord.



Figur 30. Utsyn frå ASK 216291 mot ASK 216289 og trafostasjon. Mot nordaust.

KM 6

Dei viktigaste verdiane i KM 6 innanfor influenssona er dei automatisk freda lokalitetane ASK 34751 ASK 72059, og ASK 64470, tre gravfelt. Av desse omfattar ASK 34751 berre to røyser, begge særleg sterkt skadde. Lokaliteten ASK 72059 Elisberget er sterkt tilgrodd noko som gjorde synfaring og fotografering vanskeleg. Dette er eit gravfelt med seks gravminne og ei stakktuft, og namnet skriv seg frå bruk som husmannsplass i nyare tid (etter husmannsenkja Elisa, ref. informant på staden). Kulturmiljøet omfattar vidare to bygningar i verneklasse C, våningshus i tuna på Orstad gbnr. 8/4 og 9/565 (tidlegare bruk 20). Endeleg vart det på synfaringa registrert to objekt, S1 er eit eldre våningshus i tunet på Orstad gbnr 8/6, truleg bygd i perioden 1900-1937, med autentisk preg. S 2 er ei rydningsrøys, eigentleg teke med som representant for miljøet ho ligg i – kulturbeite med rydningsrøyser, vegfar og steingardar. I tillegg omfattar lokaliteten fornminnelokalitetar med uavklart vernestatus, fleire av desse bør handsamast som automatisk freda (ASK 34752, 54085, 5280, 64469).



Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 6			Verne-status	Skildring
ASK ID	14614	Orstad	Arkeologisk minne	Gårdsanlegg	Automatisk fredet ●	I. Tydelig markert i terrenget. Delvis gressbevokst. Mye rund- kampstein av varierende størrelse synlig. Består av flere gardfar av ulik oppbygning og størrelse som tilsammen danner en slags innhegning. Faret somme steder dobbelt, andre steder enkelt. Enkelte steder meget utrast. Br. 0,5-2,5 m. Samlet l. 170 m. 20 m S for I ligger: II. Tydelig markert. Delvis gresskledd. Ø halvdel har mye synlig stein, V halvdel nesten uten stein. Utrast. Synes å ha vært dobbelt. Br. ca 1,5 m, h. ca 0,25 m, l. 48 m.
ASK ID	54085	Kvednahodnet	Arkeologisk minne	Gravminne	Uavklart ●	Meget dårlig markert i terrenget, lyngkledd. En del middelsstor rundkampstein synlig i midtpartiet som er en del opprotet. Ellers ingen synlige skader. D. 9 m, h. ca 0,65 m.
ASK ID	5280	Storabakken	Arkeologisk minne	Rydningrøys lokalitet	Uavklart ●	
1) Tålig bra markert. Gress-mose- og lyngkledd. Uten synlig stein. Veggene meget utraste, br. mellom 2,5 og 3 m, største h. ca 0,4 m. Ett rom. Rekt., orientert SSØ-NNV. Indre mål: 8 x 2,5 m, ytre mål: 13,5 x 7,5 m. 2) Vanskelig å få øye på i terrenget. Lyng-mose- og gress- kledd. Uten synlig stein. Tydelig grøft, ca 0,25 m dyp, rundt tuften på Ø, S og V side, lav jordvoll utenfor denne. Rekt., orientert N-S. 6 x 4,5 m. 3) Vanskelig å se i terrenget. Lyng-, mose- og gresskledd. Liten furubusk i V del. Uten synlig stein. Bra markert grøft, ca 0,25 m dyp, rundt hele tuften og lav jordvoll på utsiden. Tilnærmet kvadr., s = 5 m. 4) Tydelig markert, men vanskelig å få øye på i terrenget. Lyng- og mosekledd. I NV del står et lite furutre. Meget ty- delig grøft, opptil 0,4 m dyp, rundt hele tuften og med bred voll på utsiden. Rektangulær, orientert N-S. 6 x 5 m. 5) Meget vanskelig å se i terrenget, men tydelig markert. Ly- ng- og gresskledd, uten synlig stein. Like ved SV hjørne står en bjørk. Grøft rundt hele tuften, ca 0,25 m dyp, med lav jordvoll på utsiden. Tilnærmet rund. D. 5 m. 6) Tålig bra markert i terrenget. Lyng- og mosekledd uten eller med få synlige steiner. Storparten runde eller tilnær- met runde. Gj.snitts størrelse: D. 2,5 m, h. 0,4 m						
ASK ID	72059	Elisberg	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	
1): (H.13) ligger tålig bra markert i lysning i skogen. Gress- og mosekledd. I haugen står enkelte stubber etter nedhogde furutrær. To store runde steiner synlig i midten, ellers uten synlig stein. Meget svak forsenkning i sentrum. Ingen andre synlige skader. D. 6 m, h. ca 0,8 m. 2): (H.14a) vanskelig å se i terrenget. Mose-gress-og lyng- kledd. En mengde liten rundkamp og enkelte større steiner syn- lig. Midtpartiet omrotet og nedgravd i en d. av 4 m, kun ytt- erkanten synes intakt. D. 12 m, h. ca 0,8 m. 3): (H.15) ligger tålig bra markert på naturlig dannet forhøy- ning. Gress- og lyngkledd. En del stor og middels stor rund- kampstein synlig. Omtrent i midten ligger enkjempstor jord- fast stein. Kraftig nedgravning rundt sentrumssteinen. Bare ytterkanten synes intakt. D. 13 m, h. ca 0,9 m. 4): Tålig bra markert i terrenget. Gress-, mose- og lyngkledd. S del bevokst av furu-, rogn- og grantrær. I N del en mengde middels stor og liten rundkampstein synlig. Omtrent midt over røysen går skiftegrøftet av stein. Storeskader, kun bunnlaget og deler av ytterkanten intakt. Hele midten, unntatt partiet under steingjerdet, gjennomrotet. D. 12 m, h. ca 0,75 m. 5): (H.14b) meget dårlig markert i terrenget. Gresskledd. Noen få mindre steiner synlig i V del, hvor det er gjort en inngravning i bunnlaget. Nåv. d. 7 m, h. ca 0,35 m. 6): (H.14 c) utgravd i midten. Lengde mellom armspissene 11,5 m. 7): vanskelig å se. Gress-, mose- og lyngkledd. I N del ligger en stor jordfast stein. Grøft med svak voll på utsiden rundt hele tuften. Tilnærmet rund, d. 7 m.						
ASK ID	94708	Øksnevad øvra	Arkeologisk minne	Dyrkingsspor	Uavklart ●	Mangler beskrivelse. To intakte rydningsrøyser og to uavklarte stakktufter (enkeltminner).
ASK ID	64470	Øksnevad øvre	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	1) Tålig bra markert. Gress- og mosekledd. Enkelte middels-store og små steiner synlig i midtpartiet. I SV og S kant sto- re jordfaste steiner. Stor nedgravning omtrent i midten. Over- flaten meget ujevn og tilrotet. Tilnærmet rund. D. 6 m, h. ca 0,7 m. 2) Klart markert. Gresskledd. En del stein av ulik form og størrelse synlig. Svakere forsenkning omtrent i midten. Over- flaten noe ujevn. D. 7 m, h. ca 0,9 m. 3) Dårlig markert i terrenget. Gress- og mosekledd. Enkelte middels store steiner synlig. Ingen ytre sakder. Meget lav, er muligens kun en rydningsrøys. D. 4,5 m, h. ca 0,4 m.
ASK ID	64469	Øsnevad øvre	Arkeologisk minne	Bosetning- aktivitetsomr åde	Uavklart ●	Dårlig markert i terrenget. Mosekledd og busk- bevokst. INV del vokser regnetrær. Uten synlig stein. Klart markert, men uregelmessig grøft (dybde 0,2 m) på V. N og Ø side. Tilnærmet kvadr. med avrundede hjørner. S=6 m.

ASK ID	34752	Øsnevad øvre	Arkeologisk minne	Gravfelt	Uavklart ●	1): (H.8a) Meget tydelig markert i terrenget. Gress og mosekledd. En rekke bjørketrær plantet langs S ytterkant. Røysen ellers bevoxt av små rognetrær. En mengde liten og middels stor rundkampstein synlig, særlig i midtpartiet og i SV del. Overflaten er meget ujevn og en god del stein synes å være fjernet. Midtpartietsterkest skadd. D. 11 m, h. ca 2 m.
ASK ID	34751	Øsnevad øvre	Arkeologisk minne	Gravfelt	Automatisk fredet ●	1): (H.7a) Klart markert. Gresskledd. V, S og Ø kant bevoxt av furutrær. I midtpartiet vokser mindre hyll- og rognetrær. En del middels stor rundkampstein synlig, særlig i midten. Sterkt skadd ved dyp inngravning i S del og ved en stor forsenkning i midtpartiet. N del av røysen også noe skadd. Skiftelinjen går over denne del iretning Ø-V. D. 21 m, h. ca 3,5 m. I V kant av 1 på bnr 3 ligger 2): (H7b) Tålig bra markert. Bevoxt av bar- og løvtrær. Uten synlig stein. Meget sterkt rasert, kun bunnlaget og V del intakt. Spor etter dyp nedgravning i sentrum og mindre nedgravning i NV del. D. 14 m, h. ca 3 m.
SEFRAK ID	11200 00202 7	BUSTADHUS, ORSTAD KLEPP ST.			C ▲	
SEFRAK ID	11200 00202 5	BUSTADHUS, ORSTAD KLEPP ST.			C ▲	



Figur 31. SEFRAK 11200002025 i gardstunet på Orstad gbnr. 9/565. Mot nordaust.



Figur 32. SEFRAK 11200002025 lengst til venstre, ASK 14614 i bakken lengst til høgre. Mot nordaust.



Figur 33. ASK 54085 som svak forhøgning til venstre, ASK 14614 i horisonten til høgre, SEFRAK 11200002025 ligg bak skogholtet. Mot aust.



Figur 34. S 1, rydningsrøys i kulturbeite. Mot nord.



Figur 35. ASK 14609, gravfelt, på åsryggen midt i biletet. Mot sør.



Figur 36. S 2, eldre våningshus/driftingsbygning i relasjon til kulturbeite. Mot nord.

KM 7

KM 3 omfattar ASK 64468, botnlaget av ei gravrøys. Lokaliteten framstår som åkerholme i dyrka mark.



Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 7			Verne-status	
ASK ID	64468	Kråkerudlå	Arkeologisk minne	Gravminne	Uavklart	Dårlig markert i terrenget. Gress-mose- og lyng- kledd. Engod del middels stor rundkampstein synlig. Kun et lavt og noe uregelmessig bunnlag tilbake. D. 12 m, h.ca 0,75 m.



Figur 37. ASK 64468, gravrøysrest. Mot nordvest.

KM 8

Veganlegget ASK 5268 strekkjer seg vel 1400m i retning SV-NØ. Skildringa i Askeladden er ikkje heilt oppdatert. Her står 565m veglengde under dyrka mark. Etter denne tid er også vegstykket på gbnr. 11/1 oppdyrka (her er dessutan kartfestinga i Askeladden noko upresis, jmf. ortofoto Stavanger 1937). I dag er om lag 870m av vegfaret under dyrka mark med om lag 370m synleg vegfar i kulturbeite i nordaustre ende og 86m i sørvestleg ende. Samanhengen i miljøet i armen mot sørvest mot synleg del av ASK 5268 i sørvest er såleis svak. Kulturmiljøet omfattar også tre andre lokalitetar med rydningsrøyser, anna røys, og ei stakktuft. Størst verdi er knytt til det mest intakte partiet av holvegen ASK 5268 i nord. Samla verdi for miljøet er vurdert til middels verdi.





Figur 38. ASK 5268, nordlegaste parti av Kongevegen. Mot vest.







Figur 39. ASK 5268, nordleg parti av Kongevegen, og ASK 156551. rydningsrøyslokalitet. Mot nordaust.



Figur 40. ASK 156548, gardsanlegg. Mot aust.




Figur 41. ASK 34748, rest av gravfelt, i skogholtet til venstre for trafostasjonen. Mot nord.

Enkeltminne ID		KULTURMILJØ 8			Verne-status	
ASK ID	5268	Storhaug	Arkeologisk minne	Veganlegg	Automatisk fredet	
<p>Tydelig markert i terrenget. Gresskledd. Enkelte større rundkampsteiner synlig, særlig langs kantene. Tegner seg som en lang, dyp forsinking i terrenget. Enkelte steder brutt av dyrket mark. Gj.sn.mål: br. 3 m, dybde 0,5 m. Veiens løp fra S mot NØ: Starter likebak knausen S for R 6-514 C 8. Går 60 m i NV-lig retning over udyrket mark på gnr 11/7. Er her mindre bra markert over beiteland på gn. 11/1, kommer inn på gnr 4/4 og går 60 m over dyrket mark, fortsatt i retning NØ. Har så fortsatt 370 m i samme retning. Her er nå åker og veien er helt fjernet. Går under N-S gående gårdsvei og kommer til syne ved densØ kant. Fortsetter over steinet beiteland i retn. NNØ 64 m. Er noe kronglet her. Går under 3 m br. kjerrevei og forts. nedover skråningen 33 m mot NNØ. Neste 70 m helt el. delvis gjenfylt med stor bruddstein. Forts. 56 m noe uklart markert ned mot skiftet med gn. 5. Har gått 115 m over delvis dyrket terreng på gnr 5/6 i retning NØ. Kommer ig- jentilsyne i SV hjørne på eiendommen tilh. gnr 5/4. Tydelig markert. Går over steinet beiteland 50 m i retn. NNØ, dreier mer nordlig og går 60 m i denne retning. Dreier så mot NØ. Blir dårligere markert i en lengde av 72 m. Går så 25 m mot ØNØ, delvis gjenfylt med jord og stein, men tydelig markert. Forts. 45 m i samme retning. Forsvinner så inn pådyrket mark, hvor veien har løpt ca 80 m parallelt med ØNØ-gående stein- gjerde. Kommer inn på beitemark på gnr 7/4 og går 66 m i retning ØNØ for å ende under landevei. Samlet lengde: 1421 m, hvorav 565 m under dyrket mark. Veifaret kalles Kongsveien</p>						
Alternativet går nord og aust for kulturmiljøet. Avstanden til næraste kulturminne, ASK 24200 er 94m. Nordaustre hjørne av ASK 24200 hamnar i dominanssona. Alternativet medfører ikkje ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet.

KM 68	VERDI	-----Liten----- -----Middels----- -----Stor-----	
			▲
KM 68	OMFANG	-----Stort neg.----- -----Middels neg.----- -----Lite / intet----- -----Middels pos.----- -----Stort pos.-----	
			▲
KM 68	KONSEKVENNS	<i>Liten negativ konsekvens</i>	(-)

ALT. HOLEN – OPSTAD 2.0

Alternativet går nord og aust for kulturmiljøet. Avstanden til næraste kulturminne, ASK 24200 er 220m. Ingen kulturminne hamnar i dominanssona. Alternativet medfører ikkje ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet.

KM 68	VERDI	-----Liten----- -----Middels----- -----Stor-----	
			▲
KM 68	OMFANG	-----Stort neg.----- -----Middels neg.----- -----Lite / intet----- -----Middels pos.----- -----Stort pos.-----	
			▲
KM 68	KONSEKVENNS	<i>Ubetydeleg konsekvens</i>	(0)

KM 69

ALT. NÆRBØ – OPSTAD 1.0

Alternativet går sør og vest for kulturmiljøet. Avstanden til næraste kulturminne, ASK 44097 er 63m. Ein mindre del av ASK 44097 hamnar i det visuelle territoriet, resten hamnar i dominanssona. Alternativet medfører ikkje ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet.

KM 69	VERDI	----- Liten ----- ----- Middels ----- ----- Stor -----				
KM 69	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
KM 69	KONSEKVENNS	Middels negativ konsekvens				(--)

ALT. NÆRBØ – OPSTAD 2.0

Alternativet går nord og aust for kulturmiljøet. Avstanden til næraste kulturminne, ASK 24204, er 200m. Lokaliteten ligg utanfor dominanssona. Alternativet medfører ikkje ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet.

KM 69	VERDI	----- Liten ----- ----- Middels ----- ----- Stor -----				
KM 69	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
KM 69	KONSEKVENNS	Ubetydeleg konsekvens				(0)

KM 70

ALT. HOLEN – OPSTAD 2.0

Alternativet skjer inn i nordvestre del kulturmiljøet. Minste avstand til det verna sentrale fenselsområdet (KM 70-1) er 145m, og delar av dette hamnar innanfor dominanssona. Det same gjer KM 70-3 og delar av 70-2. Alternativet kryssar fleire utomhuselement omfatta av landsverneplanen (steingardar, kanalar). Alternativet medfører ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet

KM 70	VERDI	----- Liten ----- ----- Middels ----- ----- Stor -----		
-------	-------	--------------------------------------------------------	--	--

KM 70	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
		-----	-----	-----	-----	-----
			▲			
KM 70	KONSEKVENNS	<i>Middels-stor negativ konsekvens</i>				(--/---)

ALT. NÆRBØ – OPSTAD 2.1

Alternativet skjer inn i nordvestre del kulturmiljøet. Minste avstand til det verna sentrale fengselsområdet (KM 70-1) er 172m, og delar av dette hamnar innanfor dominanssona. Det same gjer KM 70-3 og delar av 70-2. Alternativet kryssar fleire utomhuselement omfatta av landsverneplanen (steingardar, kanalar). Alternativet medfører ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet

KM 70	VERDI	Liten	Middels	Stor		
		-----	-----	-----		
			▲			
KM 70	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
		-----	-----	-----	-----	-----
			▲			
KM 70	KONSEKVENNS	<i>Middels-stor negativ konsekvens</i>				(--/---)

ALT. NÆRBØ-OPSTAD 1.0/ HOLEN-OPSTAD 1.0

Alternativa skjer gjennom nordvestre hjørne av kulturmiljøet. Traselinene indikerar eit mastepunkt inne i miljøet. Masta vil ha negativ konsekvens for opplevinga av fengselsområdet frå Opstadvegen. Masta vil også komme nær steinmuren langs veggen som er eit freda utomhuselement i miljøet. Alternativet medfører ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet

KM 70	VERDI	Liten	Middels	Stor		
		-----	-----	-----		
			▲			
KM 70	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
		-----	-----	-----	-----	-----
			▲			
KM 70	KONSEKVENNS	<i>Middels negativ konsekvens</i>				(--)

ALT. JORDKABEL NÆRBØ-OPSTAD (HEILE VEGEN)

Alternativet inneber jordkabel gjennom nordvestre del av miljøet. I ei lengde på 210m vil jordkabelen ha nærføring (5-10m) til steinmuren langs Opstadvegen som er eit freda utomhuselement i miljøet. Vurderinga legg til grunn at alternativet kan realiserast utan å skada eller demontere muren andre stader enn i gjennomgangane, og at arbeidet her med demontering og reetablering av muren vert gjort i samråd med vernestyresmaktene.

KM 70	VERDI	Liten Middels Stor				
		----- ----- -----				
			▲			
KM 70	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
		----- ----- ----- ----- -----				
			▲			
KM 70	KONSEKVENNS	<i>Liten negativ konsekvens</i>				(-)

STASJON OPSTAD 1

Stasjonen er plassert inne i kulturmiljøet. Avstanden til næraste bygning i fengselskomplekset er 175m. Stasjonen vil påverke opplevinga av det lukka området Åna fengsel, utanfrå, frå Opstadvegen og Anstaltvegen.

KM 70	VERDI	Liten Middels Stor				
		----- ----- -----				
			▲			
KM 70	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
		----- ----- ----- ----- -----				
		▲				
KM 70	KONSEKVENNS	<i>Stor negativ konsekvens</i>				(---)

STASJON OPSTAD 2

Stasjonen er plassert vest for Opstadvegen, utanfor KM 70, tett nord for eksisterande stasjon.

KM 70	VERDI	Liten Middels Stor				
		----- ----- -----				
			▲			
KM 70	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
		----- ----- ----- ----- -----				
			▲			
KM 70	KONSEKVENNS	<i>Ubetydeleg konsekvens</i>				(0)

STASJON OPSTAD 3

Stasjonen er plassert vest for Opstadvegen, utanfor KM 70, tett sør for eksisterande stasjon.

KM 70	VERDI	Liten Middels Stor				
		----- ----- -----				
			▲			
KM 70	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
		----- ----- ----- ----- -----				
			▲			

KM 70	KONSEKVENNS	<i>Ubetydeleg-liten negativ konsekvens</i>	(0/-)
----------	-------------	--------------------------------------------	-------

KM 71

ALT. HOLEN – OPSTAD 2.0

Alternativet går vest for kulturmiljøet. Avstanden til næraste kulturminne, ASK 53803 er 70m. Heile lokaliteten hamnar i dominanssona. Alternativet medfører ikkje ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet, men miljøet risikerar å bli innestengt også i vest (grustak i aust).

KM 71	VERDI	Liten	Middels	Stor		
KM 71	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
KM 71	KONSEKVENNS	<i>Middels negativ konsekvens</i>			(--)	

ALT. NÆRBØ – OPSTAD 2.1

Alternativet går vest for kulturmiljøet. Avstanden til næraste kulturminne, ASK 53803 er 100m. Heile lokaliteten hamnar i dominanssona. Alternativet medfører ikkje ei barriere som svekkar samanhengane innad i miljøet, men miljøet risikerar å bli innestengt også i vest (grustak i aust).

KM 71	VERDI	Liten	Middels	Stor		
KM 71	OMFANG	Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
KM 71	KONSEKVENNS	<i>Liten-middels negativ konsekvens</i>			(-/-)	

9. SAMANSTILLING

STREKNING	ALT.	KULTUR -MILJØ	KONSEKVENNS		SUM KONSEKVENNS	
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.0	KM 1	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.0	KM 5	MIDDELS POSITIV	++		
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.0	KM 6	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--		
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.0	KM 7	LITEN NEGATIV	-		
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.1 (+1.0)	KM 7	MIDDELS NEGATIV	--	(1.1 + 1.0) MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.2	KM 1	MIDDELS NEGATIV	--	(1.2+1.0) MIDDELS NEGATIV	--
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.2	KM 3	UBETYDELEG	0		
FAGRAFJ.-HATTELAND	1.2	KM 4	MIDDELS NEGATIV	--		
FAGRAFJ.-HATTELAND	2.0	KM 6	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	(2.0+1.0) MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
KALBERG-HATTELAND	1.0	KM 2	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HATTELAND- KLEPPEMARKA DOBBELTKURS	1.0	KM 8	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	MIDDELS NEGATIV	--
HATTELAND- KLEPPEMARKA DOBBELTKURS	1.0	KM 9	MIDDELS NEGATIV	--		
HATTELAND- KLEPPEMARKA DOBBELTKURS	1.1	KM 8	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	(1.1+1.0) MIDDELS NEGATIV	--
HATTELAND- KLEPPEMARKA ENKELTKURS	1.0	KM 8	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HATTELAND- KLEPPEMARKA ENKELTKURS	1.0	KM 9	MIDDELS NEGATIV	--		
HATTELAND- KLEPPEMARKA ENKELTKURS	1.1	KM 8	MIDDELS NEGATIV	--	(1.1+1.0) MIDDELS NEGATIV	--
HATTELAND- KLEPPEMARKA DOBBELTKURS	2.0	KM 8	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
HATTELAND- KLEPPEMARKA ENKELTKURS	2.0	KM 8	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
HATTELAND- KLEPPEMARKA DOBBELTKURS	3.0	KM 8	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	(3.0+1.0) MIDDELS NEGATIV	--
HATTELAND- KLEPPEMARKA DOBBELTKURS	3.0	KM 9	MIDDELS NEGATIV	--		
HATTELAND- KLEPPEMARKA DOBBELTKURS	3.1	KM 8	MIDDELS NEGATIV	--	(3.1+2.0+3.0+1.0) MIDDELS NEGATIV	--
HATTELAND- KLEPPEMARKA ENKELTKURS	3.0	KM 8	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	(3.0+1.0) MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
HATTELAND- KLEPPEMARKA ENKELTKURS	3.0	KM 9	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---		
HATTELAND- KLEPPEMARKA JORDKABEL		KM 10	MIDDELS POSITIV	++	MIDDELS POSITIV	++
HATTELAND-TJØTTA	1.0	KM 11	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
HATTELAND-TJØTTA	1.0	KM 13	LITEN NEGATIV	-		
HATTELAND-TJØTTA	1.0	KM 14	LITEN NEGATIV	-		
HATTELAND-TJØTTA	1.0	KM 15	MIDDELS NEGATIV	--	STOR NEGATIV	---
HATTELAND-TJØTTA	2.0	KM 11	UBETYDELEG	0		
HATTELAND-TJØTTA	2.0	KM 12	STOR NEGATIV	---		
HATTELAND-TJØTTA	2.0	KM 13	STOR NEGATIV	---		
HATTELAND-TJØTTA	2.0	KM 15	MIDDELS NEGATIV	--		
HATTELAND-TJØTTA	2.0	KM 16	LITEN NEGATIV	-		
HATTELAND-TJØTTA	2.1	KM 11	LITEN NEGATIV	-	(2.1+2.0) STOR NEGATIV	---
HATTELAND-TJØTTA	2.1	KM 12	UBETYDELEG	0	(2.0 til st. 2) STOR NEGATIV	---
HATTELAND-TJØTTA	2.0 stasj.2	KM 15	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--		
TJØTTA-HÅLAND	1.0	KM 17	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	STOR NEGATIV	---

TJØTTA-HÅLAND	1.0	KM 18	MIDDELS NEGATIV	--		
TJØTTA-HÅLAND	1.0	KM 19	STOR NEGATIV	---		
TJØTTA-HÅLAND	1.0	KM 37	MIDDELS NEGATIV	--		
TJØTTA-HÅLAND	1 st.4/6	KM 37	MIDDELS NEGATIV	--		
TJØTTA-HÅLAND	1.1	KM 17	STOR NEGATIV	---	(1.0/1.1/1.0)	
TJØTTA-HÅLAND	1.1	KM 18	LITEN NEGATIV	-	STOR NEGATIV	---
TJØTTA-HÅLAND	1.1	KM 19	STOR NEGATIV	---		
TJØTTA-HÅLAND	1.2	KM 17	MIDDELS NEGATIV	--	(1.0/1.2/1.0)	
TJØTTA-HÅLAND	1.2	KM 18	UBETYDELEG	0	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
TJØTTA-HÅLAND	1.2	KM 19	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---		
FAGRAFJ.-KALBERG	1.0, stasj.2	KM 20	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
FAGRAFJ.-KALBERG	1.0, stasj.4	KM 20	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
KALBERG-HATTELAND	1.0	KM 2	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
KALBERG-HOLEN	1.0 Sta.3/5	KM 21	MIDDELS NEGATIV	--		
KALBERG-HOLEN	1.0	KM 23	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
KALBERG-HOLEN	1.0	KM 24	LITEN POSITIV	+		
KALBERG-HOLEN	1.0	KM 25	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--		
KALBERG-HOLEN	1.0	KM 26	LITEN POSITIV	+		
KALBERG-HOLEN	1.1	KM 26	LITEN NEGATIV	-	(1.1+10)	
KALBERG-HOLEN	2.0 Stas.4	KM 20	MIDDELS NEGATIV	--	STOR NEGATIV	---
KALBERG-HOLEN	2.0 Stas.3	KM 21	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
KALBERG-HOLEN	2.0 Stas.2	KM 22	LITEN NEGATIV	-		
KALBERG-HOLEN	2.0	KM 23	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---		
KALBERG-HOLEN	3.0 Stas.4	KM 20	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
KALBERG-HOLEN	3.0 Stas.2	KM 22	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---		
KALBERG-HOLEN	3.0	KM 23	MIDDELS POSITIV	++		
KALBERG-HOLEN	3.0	KM 24	LITEN-MIDDELS POSITIV	+/++		
HOLEN-HÅLAND	1.0 stasj.1	KM 27	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--
HOLEN-HÅLAND	1.0 stasj. 2	KM 27	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
HOLEN-HÅLAND	1.0 stasj. 2	KM 28	LITEN POSITIV	+		
HOLEN-HÅLAND	1.0 stasj. 4	KM 36	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--
HOLEN-HÅLAND	1.0 stasj. 6	KM 36	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HOLEN-HÅLAND	1.1 stasj. 5	KM 36	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HOLEN-HÅLAND	2.0 stasj. 1	KM 27	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HOLEN-HÅLAND	2.1 stasj. 1	KM 27	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HÅLAND-NÆRBØ	1.0 stasj.1	KM 37	LITEN NEGATIV	-	(1.0, til stasjon 1/2)	
HÅLAND-NÆRBØ	1.0	KM 48	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HÅLAND-NÆRBØ	1.0	KM 49	LITEN NEGATIV	-		
HÅLAND-NÆRBØ	1.0 stasj.4	KM 37	MIDDELS NEGATIV	--	(1.0 til stasjon 4/6)	
HÅLAND-NÆRBØ	2.0 stas.4/6	KM 38	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HÅLAND-NÆRBØ	2.0	KM 39	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	(2.0)	
HÅLAND-NÆRBØ	2.0	KM 40	UBETYDELEG-LITEN NEGATIV	0/-	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
HÅLAND-NÆRBØ	2.0	KM 47	MIDDELS NEGATIV	--		
HÅLAND-NÆRBØ	3.0	KM 38	MIDDELS NEGATIV	--	(3.0/2.0)	
HÅLAND-NÆRBØ	3.0	KM 39	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
HÅLAND-NÆRBØ	jord- kabel	KM 62	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
NÆRBØ-OPSTAD	1.0	KM 59	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---		
NÆRBØ-OPSTAD	1.0	KM 60	MIDDELS NEGATIV	--		
NÆRBØ-OPSTAD	1.0	KM 61	UBETYDELEG	0	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
NÆRBØ-OPSTAD	1.0	KM 65	LITEN NEGATIV	-		
NÆRBØ-OPSTAD	1.0	KM 69	MIDDELS NEGATIV	--		
NÆRBØ-OPSTAD	1.0	KM 70	MIDDELS NEGATIV	--		

NÆRBØ-OPSTAD	2.0	KM 58	MIDDELS NEGATIV	--	(2.0/1.0) MIDDELS NEGATIV	--
NÆRBØ-OPSTAD	2.0	KM 59	MIDDELS NEGATIV	--		
NÆRBØ-OPSTAD	2.0	KM 66	MIDDELS NEGATIV	--		
NÆRBØ-OPSTAD	2.0	KM 68	MIDDELS NEGATIV	--		
NÆRBØ-OPSTAD	2.0	KM 69	UBETYDELEG	0	(2.1/2.0/1.0) MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
NÆRBØ-OPSTAD	2.1	KM 70	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---		
NÆRBØ-OPSTAD	2.1	KM 71	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	(3.0/2.0/1.0) STOR NEGATIV	---
NÆRBØ-OPSTAD	3.0	KM 56	UBETYDELEG	0		
NÆRBØ-OPSTAD	3.0	KM 57	MIDDELS NEGATIV	--		
NÆRBØ-OPSTAD	3.0	KM 66	UBETYDELEG	0		
NÆRBØ-OPSTAD	3.0	KM 67	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--		
NÆRBØ-OPSTAD	3.0	KM 68	STOR NEGATIV	---		
NÆRBØ-OPSTAD	3.1	KM 67	LITEN NEGATIV	-	(3.1/3.0/2.0/1.0/2.1) MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
NÆRBØ-OPSTAD	3.1	KM 68	LITEN NEGATIV	-		
NÆRBØ-OPSTAD	jord- kabel heile vegen	KM 63	LITEN NEGATIV	-	LITEN NEGATIV	-
NÆRBØ-OPSTAD	jord- kabel heile vegen	KM 70	LITEN NEGATIV	-		
NÆRBØ-OPSTAD	jord- kabel 1.1	KM 63	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	STOR NEGATIV	---
NÆRBØ-OPSTAD	jord- kabel 1.1	KM 64	LITEN NEGATIV	-		
NÆRBØ-OPSTAD	jord- kabel 1.1	KM 65	STOR NEGATIV	---		
HOLEN-OPSTAD	1.0 stasj.1	KM 27	UBETYDELEG-LITEN NEGATIV	0/-	STOR NEGATIV	---
HOLEN-OPSTAD	1.0 stasj.3	KM 27	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 31	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 33	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 35	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 41	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 42	MIDDELS NEGATIV	--		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 46	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 50	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 51	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 53	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 54	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 56	MIDDELS NEGATIV	--		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 67	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 68	STOR NEGATIV	---		
HOLEN-OPSTAD	1.0	KM 70	MIDDELS NEGATIV	--		
HOLEN-OPSTAD	2.0 stasj. 1	KM 27	UBETYDELEG	0	STOR NEGATIV	---
HOLEN-OPSTAD	2.0 stasj. 3	KM 27	UBETYDELEG-LITEN NEGATIV	0/-		
HOLEN-OPSTAD	2.0 stasj. 1	KM 29	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	2.0 stasj. 3	KM 29	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 30	STOR NEGATIV	---		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 31	MIDDELS NEGATIV	--		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 31	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 33	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 43	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 44	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 45	LITEN NEGATIV	-		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 52	MIDDELS NEGATIV	--		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 55	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 68	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 69	UBETYDELEG	0		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 70	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---		
HOLEN-OPSTAD	2.0	KM 71	MIDDELS NEGATIV	--		

Figur 217. Samanfattande tabell over konsekvensar for traséalternativa.

STASJON	ALT	KULTUR- MILJØ	KONSEKVENS		SUM KONSEKVENS	
STASJ. HATTELAND	1-5		UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. KLEPPEMARKA	1-3		UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0

STASJ. TJØTTA	1		UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. TJØTTA	2	KM 15	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
STASJ. TJØTTA	3	KM 15	UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. TJØTTA	4		UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. KALBERG	1-5		UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. HOLEN	1	KM 27	UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. HOLEN	2	KM 27	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
STASJ. HOLEN	3	KM 27	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
STASJ. HOLEN	4	KM 27	UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. HÅLAND	1	KM 37	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
STASJ. HÅLAND	2	KM 37	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---	MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
STASJ. HÅLAND	3	KM 37	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
STASJ. HÅLAND	4-6		UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. NÆRBØ	1	KM 60	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--	LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--
STASJ. NÆRBØ	1	KM 62	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
STASJ. NÆRBØ	2	KM 60	MIDDELS NEGATIV	--	MIDDELS NEGATIV	--
STASJ. NÆRBØ	2	KM 62	LITEN NEGATIV	-	LITEN NEGATIV	-
STASJ. NÆRBØ	3-4		UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. OPSTAD	1	KM 70	STOR NEGATIV	---	STOR NEGATIV	---
STASJ. OPSTAD	2	KM 70	UBETYDELEG	0	UBETYDELEG	0
STASJ. OPSTAD	3	KM 70	UBETYDELEG-LITEN NEGATIV	0/-	UBETYDELEG-LITEN NEGATIV	0/-

Figur 218. Samanfattande tabell over konsekvensar for traséalternativa.

0-ALTERNATIVET

0-alternativet, framhald av dagens situasjon, er det alternativet som har minst negative konsekvensar for dei definerte kulturmiljøa i plan- og influensområdet.

FAGRAFJELL-HATTELAND OG STASJON HATTELAND

Sjølv om Fylkesrådmannen (Fylkesrådmannen 02.10.16) har rådd frå alternativ 1.2 (tidlegare alt. 3.0), er det vår konklusjon etter ei samla vurdering at eit alternativ som omfattar alternativ 1.2 vil ha minst negative konsekvensar på denne strekninga (alternativ lenger vest er no tekne ut av prosjektet). Hovudårsaka er eksisterande 300kV kraftleidning som fylgjer denne traséen gjennom KM 1. Denne skal ikkje fjernast som del av Jærnettprosjektet. Det er ei generell antikvarisk haldning at parallellføring med eksisterande kraftline gjev mindre negativ konsekvens enn der kraftlina vert lagt i ny korridor (t.d. NIKU 2006: 48). Opplevingsverdiane er allereie reduserte av eksisterande kraftleidning. Vidare er vår vurdering at tyngdepunktet for verdiane i KM 1, ligg i gardsanlegget og gravfelta lenger vest med større mangfald, større opplevingsverdi og større kunnskapsverdi. Dei fire lokalitetane i aust (i influenssona) er reine rydningsrøyslokalitetar (ASK 54607, ASK 15182, ASK 44848, ASK 54606), vest for desse ein lokalitet med eit gardfar i tillegg til rydningsrøysar (ASK 34830). Endeleg kan alternativ 1.2 gjennom KM 1 også seiast å falle saman med eksisterande visuell forstyrring med steinbrotet – i større grad enn dei andre alternativa (tidlegare alternativ). Slik alternativ 1.2 no er utforma er det planlagt eit mastepunkt i kanten av ASK 44848 – dette hevar konsekvensen frå liten-middels negativ (i tidlegare versjonar av rapporten) til middels negativ. Alternativ 1.0 kryssar KM 1 lenger aust. Saman med eksisterande 300kV line vil denne dominere eit mykje breiare belte, og alternativet er vurdert å ha større negativ konsekvens enn alternativ 1.2. Alternativ 1.0 sitt vidare løp vestover går parallelt med eksisterande leidning, noko som generelt er å føretrekke.

Statnett har søkt konsesjon på etablering av ny stasjon for sentralnettet på Fagrafjell, samt omlegging av eksisterande leidningar i området. I konsekvensutgreiinga er konsekvensane av tiltaket for kulturminneverdiar på Fagrafjell vurdert til stor og meget stor negativ konsekvens (Statnett 2016: 111f.). Statens vegvesen planlegg ny tverrforbindelse Fv. 505 Foss-Eikeland E 39, Bråstein. Plangrogrammet for kommunedelplan med konsekvensutgreiing omfattar to

alternativ (D og E) sør for Figgjoelva, som begge går gjennom KM 1 (Statens vegvesen 2015: 43f.). Dersom desse planane skulle verte vedtekne og realiserte, og såleis inngå i 0-alternativet, vil dette ha innverknad på vurderingane av konsekvensane av Jærnett. Mest sannsynleg ville då verdien av miljøet verte redusert, omfanget av tiltaket vert redusert, og følgjeleg vert konsekvensen av Fagrafjell-Hatteland 1.0 og 1.2 mindre. Kor mykje avheng av om det er vegalternativ D eller E, og om ny stasjon på Fagrafjell, eller berre omlegging av leidningane, vert realisert.

Ingen av alternativa for Hatteland stasjon har konsekvensar for temaet.

HATTELAND-KLEPPEMARKA, STASJON KLEPPEMARKA

På strekninga Hatteland-Kleppemarka er den største utfordringa passering av KM 8. Vår vurdering her er at det beste er kryssing i dei vekkdyrka partia i midten av det freda veganlegget – eventuelt alternativ som går utanfor. Alle alternativa med luftspenn medfører middels negativ konsekvens for KM 9. Alternativ Hatteland-Kleppemarka jordkabel har samla konsekvens for strekninga middels positiv. Dette er vår tilråding.

Ingen av alternativa for Kleppemarka stasjon har konsekvensar for temaet.

HATTELAND-TJØTTA, TJØTTA STASJON

Dette er eit område med store kulturminneverdiar, og alle alternativ har negative konsekvensar for temaet. Kombinasjonen 2.0/2.1/1.0/2.0/2.0 med sørleg arm til st.2, har etter vårt syn minst negative konsekvensar, vurdert samla til *liten-middels negativ konsekvens*. Med denne kombinasjonen unngår ein dei vesentlege konfliktene knytt til kvart av hovudalternativa nemnde i høyringsuttalen frå Kulturavdelinga (Fylkesrådmannen 02.10.16). Alternativ 2.0 vert brukt for å unngå konflikt med ASK 24453 i KM 11, deretter alternativ 1.0 for å minimere visuell forringing av det viktige Krosshaug-Tinghaug området (KM 13). Konsekvensane vert då liten negativ heilt fram til KM 11. Her går 1.0 og 2.0 over/tett ved kvar sitt gravminne (skada, middels verdi), og dette hevar konsekvensane til *middels negativ* (2.0) eller *middels-stor negativ* (1.0). Alternativ 2.0 med sørleg arm til stasjon 2 gjer det mogleg å passere KM 15 med *liten-middels negativ konsekvens*.

Stasjon Tjøtta 2 og 3 vil forsterke den negative konsekvensen ved KM 15. Her vil stasjon 1 vere å føretrekke. Dersom traséen då vil justerast vekk frå KM 15, inn til stasjon 1, vil den samla konsekvensen for strekninga Hatteland-Tjøtta kunne reduserast til *liten negativ*.

TJØTTA-HÅLAND, STASJON HÅLAND

Dette er eit område med store kulturminneverdiar, og alle alternativ har negative konsekvensar for temaet. Begge hovudalternativa *har store negative konsekvensar*. Denne vurderinga er i tråd med høyringsuttalen frå Kulturavdelinga (Fylkesrådmannen 02.10.16). Kombinasjonen 1.0/1.2/1.0 har etter vårt syn minst negative konsekvensar, men likevel vurdert samla til *middels-stor negativ*. Årsaka til dette er passeringa av det store gardsanlegget ASK 44828 i KM 19.

Stasjonsplasseringa på Håland forsterkar konsekvensane, her ved KM 37. Stasjon Håland 4 og 5 kjem best ut, begge med ubetydeleg konsekvens. Ved val av ein av desse bør det vurderast å justere alternativ 1.2 austover for å dempe konsekvensane ved KM 19. Det bør i tilfelle også

leggast vekt på å justere traséen 1.0/1.2 gjennom eller utanfor KM 17 for å senke konsekvensane her frå middels negativ. Kulturavdelinga reknar potensialet for funn av automatisk freda kulturminne som stort på kulturbeittet aust for ASK 219640. Dersom dette slår til, vert samanhengane i miljøet forsterka, og konsekvensen for alt. 1.0/1.2 gjennom KM 17 vil hevast frå middels til stor negativ. Her bør ein arbeide for å bryte ein av dei svakare samanhengane i miljøet, eller utarbeide ein trasé som går utanom miljøet.

FAGRAFJELL-KALBERG, STASJON KALBERG

Dersom ei kryssing direkte Kalberg-Hatteland kan erstatte alternativa over Fagrafjell, vil dette vere å føretrekke (slik dei no er utforma). Kalberg-Hatteland 1.0 har berre ei konflikt og denne er vurdert til middels negativ. Alternativa over Fagrafjell har minimum to tilfelle av middels negativ konsekvens.

FAGRAFJELL-KALBERG, STASJON KALBERG

For verknader på sjølve Fagrafjell, sjå under strekninga «Fagrafjell-Hatteland» over. Dei to alternativa 1.0 til stasjon 2 og 4, er begge rekna å ha middels-stor negativ konsekvens, begge i høve til KM 20.

KALBERG-HOLEN, STASJON HOLEN

Alle hovudalternativa er vurdert til å ha stor negativ konsekvens for temaet. Me vil rå til kombinasjonen 2.0/2.1/3.0/1.0 som vil ha *middels negativ* konsekvens. Denne vurderinga er i hovudsak i tråd med høyringsuttalen frå Kulturavdelinga (Fylkesrådmannen 02.10.16). Med kombinasjonen 2.0/2.1/3.0 ut frå stasjon Kalberg unngår ein direkte konflikt, og unngår å bryte viktige samanhengar i KM 20-23. Her må det også takast omsyn til at dette vil erstatte eksisterande 50kV leidning som i dag skjer gjennom KM 21 og KM 23, og tett inntil KM 23.

Den eine bygningen i verneklasse B nemnt av Fylkesrådmannen (stabbur, SEFRAK 11210006040), er fjerna. Utfordringa ved passeringa av KM 24 (Njågarden) vert då i høve til våningshuset på Njågarden (SEFRAK 11210006085) og gravrøysa ASK 34837. Våningshuset er delvis skjerna av andre, nyare bygg, medan gravrøysa har eksisterande 50kV rett gjennom. Dersom mastepunkta kan plasserast med større omsyn til ASK 34837 enn eksisterande master, og med omsyn til våningshuset, er vår vurdering at konsekvensen her vert *liten-middels negativ*.

Stasjon Holen 1 eller 4 er rangert øvst, begge med *ubetydeleg* konsekvens.

HOLEN-HÅLAND, STASJON HÅLAND

Me vil rå til anten alternativ 1.0 til Holen stasjon 1, eller alternativ 2.1 i nord, og alternativ 1.0 til stasjon 4 på Håland i sør. Samla konsekvens på strekninga vert då *liten-middels negativ* konsekvens.

Stasjon Håland 1 og 4 har begge *ubetydeleg* konsekvens. Stasjon Håland 4 er å føretrekke sidan dette høver best med val av trase lenger nord.

HÅLAND-NÆRBØ, STASJON NÆRBØ

Vår tilråding er alternativ 1.0 med stasjon 4 eller 6 på Håland til stasjon 4 på Nærbø. På denne strekninga er konsekvensen vurdert til middels negativ konsekvens. Slik alternativa ligg føre let dette seg ikkje kombinere med jordkabel frå Nærbø til Opstad, som er vår tilråding (sjå nedanfor). Dette ville i tilfelle medføre jordkabel ved KM 62 på Nærbø, og stor negativ konsekvens.

NÆRBØ-OPSTAD, STASJON OPSTAD

Vår tilråding er jordkabel heile vegen frå Nærbø til Opstad, samla vurdert å ha liten negativ konsekvens. På Opstad er stasjon 2 eller 3 å føretrekke, minst konsekvensar har stasjon 2. Denne har *ubetydeleg konsekvens*. Hovudproblemet er her dei tiltaka som kryssar dei freda utomhuselementa i KM 70 (steingarden langs vegen). Vår tilråding er Opstad stasjon 2 eller 3, og om mogleg å late alternativ 1.0 krysse vegen nord for KM 70.

HOLEN-OPSTAD, STASJON OPSTAD

Begge hovudalternativa og kombinasjonar har større negative konsekvensar på denne strekninga.

Alternativ 1.0 er å føretrekke i høve til Åna fengsel i sør (KM 70), men dette alternativet kryssar ei rekkje kulturmiljø med stor verdi lenger nord: KM 42, KM 50, KM 51, KM 56 og KM 68. Særskilt kryssinga av KM 68 er vurdert som problematisk og sett til stor negativ konsekvens.

Alternativ 2.0 har større negative konsekvensar i nord. Desse kan unngåast ved å bruke alternativ 1.0 i nord, krysse over via alternativ 1.1 til 2.0 lenger sør. Lengst sør har alternativ 2.0 likevel middels-stor negativ konsekvens for Åna fengsel (KM 70).

Slikt alternativa ligg føre har alternativ 2.0 (beste kombinasjon) noko mindre negativ konsekvens (middels-stor) enn alternativ 1.0 (stor).

På Opstad er stasjon 2 eller 3 å føretrekke. Desse har *ubetydeleg konsekvens* og *ubetydeleg-liten negativ konsekvens*. Det bør også vurderast om alternativ 1.0 kan justerast slik at det kryssar vegen nord for KM 70. Lyse Elnett har konsesjonssøkt ei lokalisering tilsvarande alternativ 3.0 for ny stasjon på Opstad i tiknytting til ny 132kV forbindelse Brekreim-Opstad (Lyse Elnett Mai 2017).

Beste kombinasjon: VEST (FAGRAFJELL -HATTELAND-OPSTAD)					
1	FAGRAFJELL-HATTELAND	1.2/1.0		MIDDELS NEGATIV	--
	STASJ. HATTELAND	1-5		UBETYDELEG	0
	HATTELAND-KLEPPEMARKA	jordkabel		MIDDELS POSITIV	++
	STASJ. KLEPPEMARKA	1-3		UBETYDELEG	0
	HATTELAND-TJØTTA	2.0/2.1/1.0/2.0/2.0 med sørleg arm til st.2		LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--
	STASJ. TJØTTA	1		UBETYDELEG	0
	TJØTTA-HÅLAND	1.0/1.2/1.0		MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
	STASJ. HÅLAND	4,5		UBETYDELEG	0
	HÅLAND-NÆRBØ	1.0, TIL STASJ.1/2		MIDDELS NEGATIV	--
	STASJ. NÆRBØ	2		MIDDELS NEGATIV	--
	NÆRBØ-OPSTAD	jordkabel heile vegen		LITEN NEGATIV	-
	STASJ. OPSTAD	2		UBETYDELEG	0

Figur 219. Tabellframstilling av beste kombinasjon, vest.

Beste kombinasjon: AUST (FAGRAFJELL -KALBERG-OPSTAD)					
1	KALBERG-HATTELAND	1.0		MIDDELS NEGATIV	--
	STASJ. KALBERG	1-5		UBETYDELEG	0
	KALBERG-HOLEN	2.0/2.1/3.0/1.0		MIDDELS NEGATIV	--
	STASJ. HOLEN	1,4		UBETYDELEG	0
	HOLEN-OPSTAD	1.0/1.1/2.0		MIDDELS-STOR NEGATIV	--/---
	STASJ. OPSTAD	2		UBETYDELEG	0
	HOLEN-HÅLAND	Holen st. 1/1.0/Håland st.4		LITEN-MIDDELS NEGATIV	-/--
	STASJ. HÅLAND	4		UBETYDELEG	0
	HÅLAND-NÆRBØ	1.0, TIL STASJ.1/2		MIDDELS NEGATIV	--
	STASJ. NÆRBØ	2		MIDDELS NEGATIV	--
	NÆRBØ-OPSTAD	jordkabel heile vegen		LITEN NEGATIV	-
	STASJ. OPSTAD	2		UBETYDELEG	0

Figur 220. Tabellframstilling av beste kombinasjon, aust.

10. VURDERING AV POTENSIAL FOR FUNN AV AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE


Automatisk freda kulturminne kan i denne samanhengen noko forenkla grupperast i tre kategoriar:

- Strandbundne buplassar/aktivitetsplassar frå fangststeinalder. Typisk vert slike i ei §9 undersøking (registrering) påviste gjennom manuell prøvestikking langs førhistoriske strandnivå (40x40cm hol med spade). For Jæren gjeld at slike også kan finnast oppover langs dei store elvane, til dømes Figgjoelva og Hååna.
- Kulturminne knytt til "utmarksnæringar" i bronse-, jern-, og mellomalder, i dagens utmark, synlege på overflata (kolframstillingsanlegg, jernvinne, hellarar mfl.). Hellarar og holer kan også vere brukt i steinalder, sjølv om dei ikkje er strandbundne. Typisk vert slike i ei §9 undersøking (registrering) påviste gjennom overflaterregistrering, eventuelt i kombinasjon med sonderbor/manuell prøvestikking.
- Spor etter førhistorisk jordbruksbusetjing, typisk lokalisert til historisk innmark (stolpehol, kokegroper, åkerlag mm.). Typisk vert slike i ei §9 undersøking (registrering) påviste gjennom maskinell sjakting med gravemaskin. For Jæren gjeld at slike også kan finnast synlege på overflata på innmarksnære kulturbeite (ved overflaterregistrering)


POTENSIAL FOR FUNN FRÅ FANGSTSTEINALDEREN

Ei vurdering av potensiale for funn av automatisk freda kulturminne frå steinalder må vere grunna i ei forståing av endringar i havnivået i steinalderen (jf. Fig. 207). Her vil data og analysar frå granskingane på Hå gamle prestegard, Hå k., ved munninga av Håelva, danne utgangspunkt (Prøsch-Danielsen 2006). Spor etter den eldste fasen i eldre steinalder (*tidlegmesolitikum*) vil ligge under dagens hav. Denne regionen har *to* transgresjonar, det vil seie periodar der havnivået steig, før den endelege regresjonen (senking av havnivået). Desse transgresjonane hadde begge maksimumnivå på mellom 7,5 og 10m.


Ved pionerbusetjinga i Noreg for kring 11 000 år sidan, sto havet i denne regionen omtrent som idag, og sokk vidare det første tusenåret ned til 4m under dagens nivå, og byrja så å stige att. I slutten av eldre steinalder nådde nivået ein topp på 7-9 moh, for så å søkke att, for så å stige til ein ny topp midt i yngre steinalder på 9-11m over dagens nivå (jf. Fig. 221).




Figur 221. Strandlinediagram for munninga av Håelva. Rådgjevande Arkeologar 2016 (basert på Prøsch-Danielsen 2006: Fig. 70).



Figur 222. Figgjoelva i steinalderen med 10 m (lilla) høgare havnivå. (Rådgevande Arkeologar 2016).



Figur 223. Horpestadvatnet i steinalderen med 10 m (lilla) høgare havnivå. (Rådgevande Arkeologar 2016).



Figur 224. Håelva i steinalderen med 10 m (lilla) høgare havnivå. (Rådgjevande Arkeologar 2016).

Potensialet for funn frå fangststeinalder synest størst:

1. på strekninga Vagle-Hatteland-Kleppemarka i parti der traséen kjem nær Figgjoelva.
2. vest for stasjon Tjøtta der traséen kjem nær Horpestadvatnet.
3. strekningane Håland-Nærbø og Holen Opstad der traséane kjem nær Håana

POTENSIAL FOR FUNN FRÅ JORDBRUKANDE TID

Nokre faktorar gjer seg særskilt gjeldande ved vurdering av potensial for funn frå jordbrukande tid:

- Hustuffer, gravminne og gardsanlegg vil gjerne ligge på høgdedrag, og nye slike vil gjerne bli oppdaga under markoverflata i dyrka mark.
- Rydningsrøyser og stakktuffer kan også gjerne finnast meir i utkantane av kjerneområda for tun og dyrking, gjerne perifere område som er bevart som kulturbeite.
- Det er generelt høgt potensial for å finne nye kulturminne kring allereie kjende kulturminne. For kvart kjende synlege kulturminne (t.d. gravhaug) vil det typisk finnast ei mengd ikkje-synlege kulturminne i kring.
- Kulturminne kan påvisast i undergrunnen under dyrka mark. Dersom det er tale om ei nydyrking med store inngrep og planering, typisk av nyare dato, vil slike spor vere

sletta. For å ta omsyn til dette har kartlaget «Jordsmonn-planering» frå Norsk institutt for bioøkonom (NIBIO) vore nytta i vurderinga.

KONKLUSJON

Funnpotensialet kan variere stort innanfor relativt små område. Det er neppe kostnadseffektivt å utarbeide eit finmaska kart over funnpotensial for heile influenssona. Det er såleis avgjerande at potensialkarta vert forstått som generelle og gjennomsnittlege vurderingar, og ikkje som skarpt avgrensa 1:1 tilhøve.

Når det skal vurderast tiltak i grunnen er det også avgjerande at det vert gjort nærare vurderingar av lokalitetar i Askeladden som har uavklart vernestatus, eller som er rekna som så skadde/bortdyrka at dei ikkje har vorte definerte inn i våre kulturmiljø over. Sjølv om dei ikkje kan reknast som verdiar i konsekvensvurderinga, er dei gode indikatorar på funnpotensial.

11. ANLEGGSPHASEN

I heile influenssona/dominanssona må ein pårekne fare for direkte, fysiske øydeleggingar i anleggsfasen (Lindblom & Jerpåsen 2009). Ved vidare detaljplanlegging, prosjektering og i anleggsfasen bør det leggst vekt på å minimere negative konsekvensar for kulturminneverdiar som er skildra i denne utgreiinga. Rogaland fylkeskommune vil gjennomføre kulturhistoriske registreringar i medhald av §9 Lova om kulturminne, før anleggsfasen kan starte opp. Me understrekar at desse registreringane kan påvise objekt og miljø som kjem i tillegg til dei som er inkludert i denne rapporten. Det er avgjerande at eventuelle nye påviste kulturminne frå §9 undersøkingane vert tekne med når det vert utarbeidd retningslinjer for anleggsfasen.

Oppdragsgjevar bør vurdere å utarbeide ei skildring med detaljkartfesting av særskilt utsette verdiar langs den valde traséen. Om naudsynt bør ein også utarbeide retningslinjer for ferdslar og mellombelse inngrep for anleggsfasen, som alle anleggsleiarar pliktar å gjere alle arbeidarar kjende med. Endeleg bør det utarbeidast ein beredskaps- og varslingsplan til bruk ved eventuelle potensielt automatisk freda funn under markoverflata under anleggsarbeidet.

12. AVBØTANDE TILTAK

Det er viktig at det vert teke størst mogleg omsyn til enkeltminna innanfor dei definerte kulturmiljøa ved detaljplanlegging, det vil seie plassering av mastepunkt, anleggsvegar og riggområde.

FAGRAFJELL-HATTELAND, STASJON HATTELAND

For strekninga Vagle-Hatteland er vår vurdering at alternativ 1.2/1.0 har minst negative konsekvensar for temaet, vurdert samla til *middels negativ*. Den mest negative konsekvensen er i høve til KM 1 og KM 2. Dersom ny trasé vert lagt på nordsida av eksisterande kraftleidning i staden for på sørsida, i høve til KM 2, kan konsekvensen reduserast til *liten negativ* i dette partiet. Dersom alternativ 1.2 kan justerast slik at det kryssar KM 1 i rett line tett ved eksisterande 300kV trase, kan konsekvensen reduserast også her.

HATTELAND-KLEPPEMARKA, STASJON KLEPPEMARKA

Me har ingen forslag til særskilde avbøtande tiltak for det tilrådde alternativet: jordkabel Hatteland-Kleppemarka.

HATTELAND-TJØTTA, TJØTTA STASJON

Kombinasjonen 2.0/2.1/1.0/2.0/2.0 med sørleg arm til st.2, har etter vårt syn minst negative konsekvensar, vurdert samla til *liten-middels negativ konsekvens*. Vidare er stasjon 1 å føretrekke. Dersom traséen då kan justerast vekk frå KM 15, inn til stasjon 1, vil den samla konsekvensen for strekninga Hatteland-Tjøtta kunne reduserast til *liten negativ*.

TJØTTA-HÅLAND, STASJON HÅLAND

Vår tilråding er kombinasjonen 1.0/1.2/1.0 vurdert samla til *middels-stor negativ*. Årsaka til dette er passeringa av det store gardsanlegget ASK 44828 i KM 19. Dersom alternativ 1.2 kan justerast vekk frå KM 19 ved val av stasjon 4/5 på Håland, vil det vere mogleg å senke dei negative konsekvensane for heile strekninga. Det bør i tilfelle også leggast vekt på å justere traséen 1.0/1.2 gjennom eller utanfor KM 17 for å senke konsekvensane her frå middels negativ. Kulturavdelinga reknar potensialet for funn av automatisk freda kulturminne som stort på kulturbeitet aust for ASK 219640. Dersom dette slår til, vert samanhengane i miljøet forsterka, og konsekvensen for alt. 1.0/1.2 gjennom KM 17 vil hevast frå middels til stor negativ. Her bør ein arbeide for å bryte ein av dei svakare samanhengane i miljøet, eller utarbeide ein trasé som går utanom miljøet.

FAGRAFJELL-KALBERG, STASJON KALBERG

For avbøtande tiltak på sjølve Fagrafjell, sjå under strekninga «Fagrafjell-Hatteland» over. Dei negative konsekvensane er elles knytt til KM 20. Desse kan best reduserast ved å justere traseen nord for å gå klar av miljøet.

KALBERG-HOLEN, STASJON HOLEN

Vår tilråding er kombinasjonen 2.0/2.1/3.0/1.0 med stasjon 1 eller 4 på Holen, som vil ha *middels negativ* konsekvens. Ein føresetnad for dette er at mastepunkt vert plasserte med omsyn til ASK 34826 i KM 20, ASK 34837 i KM 25, og ASK 64514 i KM 26.

NÆRBØ-OPSTAD, STASJON OPSTAD

Vår tilråding er jordkabel heile vegen frå Nærbø til Opstad, samla vurdert å ha liten negativ konsekvens. På Opstad er stasjon 2 eller 3 å føretrekke, minst konsekvensar har stasjon 2 med *ubetydeleg konsekvens*. Hovudproblemet er her dei tiltaka som kryssar dei freda utomhuselementa i KM 70 (steingarden langs vegen). Vår tilråding er Opstad stasjon 2, og om mogleg å late alternativ 1.0 krysse vegen nord for KM 70. Om ikkje er det vesentleg at arbeid tett ved steinmuren her vert gjort i samråd med vernestyresmaktene.

HOLEN-OPSTAD, STASJON OPSTAD

Begge hovudalternativa og kombinasjonar har større negative konsekvensar på denne strekninga. Konsekvensane knytte til alternativ 1.0 kan reduserast særleg ved å justere traseen vekk frå KM 68, og vekk frå KM 70 i sør. Konsekvensane knytte til alternativ 2.0 kan reduserast ved kombinasjon med alternativ 1.0 i nord, og gjennom justering av traseen i sør ved KM 70.

13. KJELDER

SKRIFTLIGE KJELDER

Bang Andersen, S. 2005: Stakketuft. I: Østmo, E. & Hedeager, L. (red), Norsk arkeologisk leksikon. Pax Forlag A/S. Oslo.

Brekke, N.G, Nordhagen, P.J. og Lexau, S.S. 2008: Norsk Arkitekturhistorie. Frå steinalder og bronsealder til det 21.hundreåret. Det norske samlaget.

Brunes, E. 1963: Klepp. Gards- og ættesoga gjennom 400 år, 1519-1900. Klepp kommune.

Brunes, E. 1990 [1964]: Klepp. 1900-1960 (gards- og ættesoge). Klepp kommune.

Bøe, J.B. & Smith-Solbakken, M. 2013-2014: Hå kulturhistorie (band 1-4).

Edland, T. 1971-75: Gards- og ættesoge for Haa (band 1-3).

Fylkesmannen 07.10.2016: Høyringsuttale til melding med forslag til utredningsprogram. Kulturavdelinga.

Hå kommune 2005: Kulturminnevernplan, Hå kommune 2004-2016. Vedteken 17.02.2005.

Justisdepartementet 2010: Landsverneplan for justissektoren. Med kompleksrapport og bygningsrapport for Åna fengsel.

Lillehammer, G. 2005: Konflikter i landskapet. Kulturminnevern og kulturforståelse: Analyse av alvedans og utmarksmiljø i Hå kommune i Rogaland, SV-Norge. AmS NETT nr. 1.

Lindanger, B. 1990: Klepp. Bygdesoge fram til 1837. Band I. Klepp kommune.

Lindanger, B. & Nordås, H. 2005 [1987]: Klepp. Bygdesoge 1837-1987. Band 2. Klepp kommune.

Lindanger, B. & Waula, J. E. 2004-12: Time. Gard og ætt I-VI. Time commune.

Lindblom, I. & Jerpåsen, G. 2009: Visuell innvirkning på kulturminner og kulturmiljø. Vindkraftanlegg og kraftledninger. NVE 2008: 3.

Lyse Elnett 2016a: Avrobsdokument, tilbodskonkurranse.

Lyse Elnett 2016b: Spenningsoppgradering fra 50 kV til 132 kV Vagle – Opstad («Jærnettprosjektet»). Melding med forslag til utredningsprogram. Juni 2016.

Lyse Elnett mai 2017: Ny 132 kV forbindelse Bjerkreim-Opstad samt ny Opstad transformatorstasjon. Konesjonssøknad.

Måseidvåg, T. 2001: Registrering av jærhus i Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp Time, Gjesdal, og Hå kommuner.

Måseidvåg, T. 2002: Systematisering av folkekultur: Erfaringer frå Jærhusprosjektet. Stavanger Museums Årbok, Årg. 111(2001): 87-104.

Olsen, S. M. 2004: Bruer – en kulturskatt. Bruer og brubygging i Rogaland. Rogaland forlag.

Olsen, S. 2010: Til Jæderen for å trille tåke. Historien om Opstad tvangsarbeidshus. Scandinavian Academic Press.

Riksantikvaren 2003: Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar. Rettleiar. Oslo, 2003.

Riksantikvaren 2010: Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan- og bygningsloven. Versjon juni 2010. Veileder. Oslo, 2010.

Riksantikvaren 2013a: Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering. Oslo.

Riksantikvaren 2013b: Kulturminner i kommunen. Kulturminneplan. Oslo.

Riåsen, G.T. (red). 2000. Røde låver- alt under ett tak. NIKU- seminar om enhetslåven, Norges landbrukshøgskole og Norsk landbruksmuseum, 5-6. juni 2000. *NIKU temahefte 024:1-102*.

Statens vegvesen 2014: Konsekvensanalyser – Håndbok V-712.

Statens vegvesen 2015: Planprogram. Kommunedelplan med konsekvensutredning. Tverrforbindelsen Fv. 505 Foss-Eikeland E39, Bråstein.

Statnett 2016: Konsekvensutredning. Ny 420 kV Seldalsheia – Stokkelandsområdet, ny transformatorstasjon og omlegging av 300 kV transmisjonsnett. Utarbeidd av Multiconsult ASA.

Time kommune 2008: Med fortid og nåtid – inn i framtida. Kulturminneplan Time kommune 2008-2019. Vedteken 04.1.2008.

Sandnes kommune 2006: Vel bevart i Sandnes? Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer i Sandnes 2005-2017. Vedteken 25.04.2006.

Statsbygg 2013: Forvaltningsplan for Åna fengsel 2014-2024.

KJELDER PÅ INTERNETT

Arkeologisk tilvekst: www.unimus.no

Askeladden: <http://askeladden.ra.no>

Temakart Rogaland: <http://prosjekt.fylkesmannen.no/temakart-rogaland/>

NIBIO: http://www.skogoglandskap.no/temaer/jordsmonn_wms

14. VEDLEGG: TEMAKART OG POTENSIALVURDERING